# Norddal – ein verdsarvkommune
## Årsmelding 2006



# INNHALD

## Rådmannen sine kommentarar

1.0 Innleiing …………………………………………………………………… 3
2.0 Utvikling kommuneøkonomien o.a …………………………………… 3
3.0 Hovudutfordringar framover …………………………………… 3

## Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

1.0 Innleiing …………………………………………………………………… 5
2.0 Folketal …………………………………………………………………… 5
3.0 Økonomiske nøkkeltal og analysar
3.1 Driftsrekneskapen 2005 -hovudtal …………………………… 5
3.2 Investeringar 2005 -hovudtal …………………………….. 7
3.3 Balanserekneskapen …………………………………….…… 8

Nøkkeltal ………………………………………………………………………. 6

## Tenestene………………………………………………………………………………..10

## Vedlegg (utvikling rekneskap 2004-06, tenester og einingar)…………………………….28

## 1.0 Innleiing

I tilknyting til rekneskapen vert det lagt fram ei årsmelding frå administrasjonen. Formålet med ei årsmelding er fleire. Årsmeldinga er eit viktig dokument i kommunen sitt informasjons- og rapporteringssystem knytt til:

- Måloppnåing i forhold til sentralt og lokalt vedtekne handlingsplanar
- Økonomiske nøkkeltal med informasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen
- Ressursbruk og effektivitet
- Å ta opp kjende utfordringar/signal om endringar , som grunnlag for handling slik at vi er betre budd til å møte framtida
- Rullering av handlingsprogram med økonomiplan

Årsmeldinga må difor brukast aktivt til å stille spørsmål om korrigeringsbehov i forhold til vedtekne planar og driftsomfang/-måtar. Årsmeldinga inneheld informasjon som det er viktig å gi kommunestyret, innbyggarane og andre innsikt i.

Den kommunale verksemda er prega av høge ambisjonar, ikkje berre m.o.t. omfang og kvalitet i tenesteproduksjonen, men også når det gjeld deltaking i ulike prosjekt og utviklingstiltak. Dette stiller store krav til effektivitet i organisasjonen, om ein skal klare å følgje opp den daglege drifta og samstundes halde framdrift i utviklingsarbeidet. Norddal kommune er i høgste grad det ein må kalle ein samfunnsaktiv kommune, der kommunen aleine eller i partnarskap med andre aktørar, tar initiativ for ny utvikling. Døme på nokre slike utviklingstiltak kommunen har vore med på i 2006, kan vere:

- Utvikling av konseptet ”Muriparken”
- Oppstart utvikling av industriområdet Djupøyna
- Nasjonal Turistveg
- Etablering eigedomsselskap
- Oppstart arealplanarbeid
- Arbeid med Landbruksplan
- Arbeid med samfunnsdelen i kommuneplanen
- Leiarutvikling
- Klosterplanar Syltefjellet
- Arbeid med verdsarvstatusen
- Åknes/Tafjord-prosjektet
- Prosjektet ”Livskraftige kommuner”

Mange av desse tiltaka/prosjekta er komplekse og arbeidskrevjande, og dei fleste er enno ikkje fullført. Ut frå dei ressursane ein har til rådvelde, er det rådmannen si oppfatning at dei fleste har vore følgd opp på ein god måte.

Utforminga av årsmeldinga byggjer i stor grad på malen frå tidlegare år, og rådmannen meiner at forma på årsmeldinga no er rimeleg godt ivaretatt av dei fleste driftseiningane og dei ulike fagområda i stab. Det er ønskjeleg med tilbakemeldingar og innspel frå politikarane – og andre - for å gjere ho endå betre.

## 2.0 Utvikling kommuneøkonomien

Som for 2005, viser driftsresultatet eit marginalt positivt overskott, men ikkje stort nok med tanke på å skape ein solid ”buffer” for svingingar i den kommunale økonomien. Går ein nærmare inn i tala, viser desse at vi har eit driftsmessig underskott før finansinntekter, med særleg overforbruk på løn og kjøp av varer og tenester. Det er auken i eigeninntekter (eigedomsskatt og konsesjonskraft) som skaper driftsmessig balanse for fjoråret. Eit gledeleg trekk er at fjoråret gav ein auke i folketalet (+ 9 innbyggjarar, 1817 pr. 31.12.06), etter at kommunen gjennom fleire år har hatt ei negativ folketalsutvikling. Dette har verknad for overføringane frå staten, utan at ein her skal overvurdere den økonomiske sida. Samansetjinga av folkesetnaden er også viktig, m.a. med tanke på omfanget av tenesteproduksjonen og kostnadene ved denne. Det vert elles vist til kommentarane for rekneskapen nedanfor, og til årsmeldinga for dei ulike drifts-/fagområda.

## 3.0 Hovudutfordringar framover

Norddal kommune står framleis, i likskap med mange andre distriktskommunar, ovafor monalege utfordringar knytt til busetnad og næringsutvikling. Kommunen sine eigeninntekter, som ein i prinsippet kan styre fritt, er bunde opp i driftstiltak. Det er sjølvsagt eit politisk val korleis ein vil nyttiggjere seg desse inntektene, men rådmannen er så fri å meine at ein i endå større grad bør tenkje på ny utvikling framfor ”sementering” av eksisterande verksemd. Kommunen har eit samfunnsansvar som må ivaretakast gjennom eigne initiativ for utvikling av lokalsamfunnet, og ved å gå inn i partnarskap med andre aktørar – bedrifter, friviljuge lag/organisasjonar og enkeltpersonar, for å skape ei berekraftig utvikling som sikrar livsgrunnlaget for innbyggjarane.

Den kommunale organisasjonen er under sterkt press for å imøtekome alle dei krav og forventningar som vert stilt frå brukarar av tenestene så vel som frå lokale politikarar og sentrale styresmakter. Samstundes som personalressursane kan kjennast knappe nokre gonger, er det i nokre høve vanskeleg å sikre god nok kompetanse for utføring av arbeidet. Ulike former for rekrutteringstiltak vil difor vere naudsynt og avgjerande for Norddal kommune i åra framover, om ein skal oppretthalde kvantitet og kvalitet på tenestene. Nokre tiltak er sett i verk, medan andre er under arbeid, og kommunens rekrutteringspolitikk må få endå større merksemd.

Sett under eitt, meiner rådmannen likevel at Norddal kommune har gode mulegheiter for å møte utfordringane framover, om ein nyttar ressursane rett og har perspektiv ut over kvardagen. Vi har ein økonomi under kontroll og medarbeidarar som gjer godt arbeid i den kommunale tenesta, samstundes som kommunen så langt har vist vilje og evne til deltaking i fornyings- og omstillingsprosessar for å skape ny utvikling. Denne samfunnsaktive haldninga må dyrkast, og vi må alle – kvar på vår plass – bidra til positiv omdømmebygging av kommunen!

## BEFOLKNING, ØKONOMISKE HOVUDTREKK OG NØKKELTAL

### 1.0 Innleiing

Dei indikatorane som inngår i denne delen gir informasjon om utviklingstrekk i økonomien. Totale driftsinntekter er ofte brukt som referansestorleik. Ved å nytte totale driftsinntekter, vert også samanlikning over fleire år meiningsfylt, samt at det og seier noko om kva for finansiell ramme kommunen arbeidde innanfor. Kommunen sin produktivitet eller effektivitet er på fleire område blitt lettare å måle.

### 2.0 Folketal

Folketalsutvikling og samansetjing av befolkning vil vere ein kritisk faktor for kommunen si utvikling og økonomi. Folketalsutviklinga i perioden 1980 - 2006 går fram av tabell:




Ved utgangen av 2006 var det 1 817 innbyggarar i Norddal kommune, ein auka på 9 personar frå 2005. Går ein attende til 1980 er folketalet redusert med 14,8 %. Frå 1980 til 1990 var nedgangen 69 personar, frå 1990 til 2000 59 norddalingar og frå 2000 til 2006 137 personar.

Frå 1996 har folketalet jamn gått tilbake og med høg nettoutflytting som viktigaste forklaring.

### 3.0 Økonomiske nøkkeltal og analyse

I denne delen av årsmeldinga gjev vi ein kortfatta presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltall for 2006 og ein analyse av vår finansielle stilling ved årsskiftet. Ein har lagt vekt på å framstille denne delen så enkelt og lettfatteleg som mogleg, og berre konsentrert seg om nokre sentrale omgrep.

### 3.1 DRIFTSREKNESKAPEN 2006– hovudtal

| 1000 kr | Rekneskap 2006 | Budsjett 2006 | Rekneskap 2005 |
|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -31585 | -31570 | -32905 |
| | | | |
| Skatt på inntekt, formue, eigedomsskatt | -51608 | -51034 | -46787 |
| Overføringar med krav til motytelse | -20252 | -17901 | -19010 |
| Øvrige driftsinntekter | -31194 | -27428 | -26094 |
| Sum Driftsinntekter | -134639 | -127933 | -124796 |
| | | | |
| Lønnsutgifter inkl sos. utgifter | 96063 | 94413 | 89656 |
| Kjøp av varer og tenester | 28295 | 25659 | 25870 |
| Overføringar | 11178 | 8560 | 9848 |
| Avskrivingar | 5196 | 5300 | 5140 |
| Fordelte utgifter | -6307 | -5990 | -4638 |
| Sum Driftsutgifter | 134425 | 127942 | 125876 |
| | | | |
| Brutto driftsresultat | 214 | -9 | -1080 |
| | | | |
| Sum Eksterne finansinntekter | -5457 | -5440 | -4947 |
| Sum Eksterne finansutgifter | 9212 | 9802 | 7511 |
| Resultat finanstransaksjonar | -3755 | -4362 | 2564 |
| Motpost avskrivingar | -5195 | -5300 | -5140 |
| | | | |
| Netto driftsresultat | -1654 | -928 | -1496 |
| Sum bruk av avsetningar | -2528 | -2735 | -2236 |
| Sum avsetningar | 4041 | 3663 | 3718 |
| Resultat mindre forbruk | -141 | 0 | -14 |

- Rekneskapet for 2006 viser eit positivt netto driftsresultat på 1.654 mill. kroner. Etter bruk og avsetjingar til fond og finanstransaksjonar, eit mindre forbruk(overskot) på 141 tusen kroner. I forhold til resultatkravet netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er det lågt, men betra seg frå 1,19% i 2005 til 1,22% i 2006. Over tid bør den vere på over 3%. Negativ eller låg netto driftsresultat svekkjer den økonomiske balansen. For heile landet er resultatet opp mot 5%. Føring av momskompensasjonen, spesielt frå investering, er med å skape endring i netto driftsresultat frå eit år til eit anna år.

- Kjøp av varer og teneste er ein stor utgiftspost og syner ein oppgang på 2,4 mill. kroner frå i fjor. Rekneskapstala ligg om lag 2,6 mill. kroner over budsjettet. Dei største utgiftspostane høyrer til i forvaltning, drift og vedlikehald.

### 3.1.1 Netto driftsutgifter i kroner per innbyggar

Netto driftsitgifter i kr. pr.innbyggar




| | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|
| Norddal | 41684 | 46944 | 47088 |
| K.gruppe | 43789 | 44872 | 49101 |
| Fylket | 27100 | 29436 | 31542 |

Netto driftsutgifter er brutto driftsutgifter minus øyre-merka tilskot og andre inntekter. Netto driftsutgifter blir dekka av dei frie inntekt. Frå 2005 er auken marginal. Kommunegruppa har sterkare auke i nettoutgiftene, m.a. som følgje av endring i inntektene frå øyremerka tilskot. Nedgangen i folketalet 31/12 05 fekk verknad på vårt resultatet for 06.

- Landet sett under eit, kjem Norddal godt over gjennomsnittet per innbyggar.

Landet er inndelt i kommunegrupper. I Norddal si gruppe er det 58 kommunar frå sør til nord.

### 3.1.2 Utvikling frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, formues- og inntektsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft. Det er her hovedinntektene til kommunen er.

| | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum rammetilskot (ordinært) | 28 610 | 31 765 | 27 925 | 32905 | 31585 |
| Skatt på formue og inntekt | 35 310 | 36 630 | 36 307 | 35621 | 38262 |
| Eigedomsskatt | 8 926 | 9 431 | 8 357 | 11166 | 13345 |
| Konsesjonskraft | 3 712 | 7 320 | 8 333 | 5831 | 8605 |
| Sum frie inntekter | 76 558 | 85 146 | 80 922 | 85523 | 91797 |
| Endring i % | 6,6% | 11,2% | - 4,9% | 5,7% | 7,3% |

- Kommunen sine frie driftsinntekter vart i 2006 om lag 6,3 mill. kroner større enn i 2005. I prosent utgjer auken 7,3%. Samanlikna vi 2004 med 2005, var auken 4,6 mill. kroner.
- Sum rammetilskot er redusert med om lag 1,3 mill. kroner frå 2005. I tilskotet ligg selskapsskatten som er redusert med 1,1 mill. kroner og utgjer i sum 1,7 mill. kroner. Inntektsutjamning(utgift) er redusert med 1,.4 mill. kroner. Innbyggartilskotet auka med 1,1 mill. kroner. Andre type tilskot som er inkludert i rammetilskotet har marginale endringar. Prognosen frå Kommunenes Sentralforbund, dersom den held seg, syner at regionaltilskotet først kjem i 2008.
- Skatt på formue og inntekt har ein auke med 2,6 mill. kroner frå 2005. I samanlikninga må ein likevel ta omsyn til selskapsskatten som er medrekna i rammetilskotet. Det er inga endring i skatteøret. Naturressursskatt er med i sum skatt formue og inntekt. Den utgjer 11,7 mill. kroner, ein auke på 100 tusen kr. frå 2005.
- Eigedomsskatten har auka med 2,2 mill. kroner. Auken skriv seg fullt ut frå kraftverk.
- Verdien av konsesjonskrafta har auka med om lag 2,8 mill. kroner. I perioden 2000-2006 har konsesjonskrafta hatt ei kraftig vekst. Mykje kjem av endring i kraftprisen. I 2000 var inntekta 0,8 mill. kroner og i 2006 13,3 mill. kroner. Kommunen har 42,6 MWh. til disp.

- I sum frie inntekter per innbyggar er vi over kommunane i fylket og landsgjennomsnittet, men under kommunegruppa.

### 3.1.3 Utvikling finanspostar, rente- og avdragsutgifter




| | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|
| Norddal | 2,5 | 2 | 2,8 |
| K.gruppe | 2,9 | 2,5 | 2,7 |
| Fylket | 1,9 | 1,2 | 2,4 |

Kommentarar: Netto finansutgifter har auka med 1,2mill. frå 2005.Dette skuldast nye låneopptak og dermed auka avdrag og renter. Utbytte frå TK har auka med 684 tusen kroner frå 2005. Inntekter frå ansvarleg lån er redusert med 171 tusen. Netto rente- og avdragsutgifter er større enn for kommunegruppa, og høgare enn for kommunane i fylket i snitt.

- Renteutgiftene vil variere med den renta vi forhandlar fram med lånegjevar og den langsiktige gjelda til ein kvar tid. Kommunen har ved utgangen av året ikkje fastrente. Renta var låg i starten på året, men auka utover ettersommaren. Med ei renteauke på t.d. 1,0% vil det utgjere om lag 1. mill. kroner i meirutgifter.

### 3.1.4 Utgifter til løn

Tabellen viser løn og sosiale utgifter i forhold til samla driftsutgifter. Samla sum til løn og sosiale utgifter i 2006 er i overkant av 96,0 mill. kroner mot i overkant av 94,4 mill kroner i revidert budsjett. Avviket skuldast for stor del meirutgifter til variabel løn. Løn til faste stillingar i høve budsjettet har marginal avvik i forhold til den totale fastløna.

| 1000 kr | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale utgifter | 82 880 | 85 124 | 89 656 | 96 064 |
| Brutto driftsutgifter | 113 498 | 119 247 | 125 876 | 134 425 |
| %-vis utgifter til løn | 73,0% | 71,4% | 71,2% | 71,5% |

Lønsutgifter sine relative del av brutto driftsutgifter ser vi er redusert i periode 2003-2005. I 2006 fekk vi ein mindre auke på 0,3%. Ei forklaring på dette er lønsoppgjeret.

- Utgiftene til løn har auka med om lag 6,4 mill. kroner frå 2005. Påslaget var mellom 3,5- 4% dette året. Antall årsverk i kommunen har auka frå 181 tilsette i 2005 til 186 i 2006.
- Godtgjersle til politisk styring og kontrollorgan, brutto driftsutgifter per innbyggar, er under kommunegruppa, men langt over kommunane i Møre og Romsdal.
  Norddal har 1095 kroner per. innbyggar og kommunane i fylket 387 kroner i snitt.
- Lønsutgiftene til administrasjon og fellesutgifter per innbyggar viser at vi er 44% prosent under kommunegruppa. Kommunane i fylket har 2 662 i snitt og Norddal 2 780.

## 3.2 INVESTERINGAR 2006 – samandrag

| Beløp i 1000 kr | Rekneskap 2006 | Budsjett 2006 | Rekneskap 2005 |
|---|---|---|---|
| Sum inntekter | -1 226 | -1 511 | - 2 208 |
| Sum investeringar | 21 268 | 44 765 | 16 709 |
| Avdragsutgifter | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare udekka (2005) | 258 | 260 | 0 |
| Avs. til ubundne investeringsfond | 16 | | 1 |
| Avs. til bundne fond | | 0 | 0 |
| Avs. til likviditetsreserven | | 0 | 0 |
| Kjøp av aksjer/andeler/tidl.dekning | 975 | 478 | 465 |
| *Sum Finanstransaksjonar* | *(1 249)* | | *(465)* |
| Finansieringsbehov | 21 291 | 43 992 | 14 967 |
| | Rekneskap 2006 | Budsjett 2006 | Rekneskap 2005 |
| Finansiert slik: | | | |
| Bruk av lån | 19 885 | 43 254 | 14 338 |
| Mottatte avdrag på utlån | 173 | 0 | 80 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Salg av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 |
| Bruk Av tidl. års udisponert | 0 | 0 | 0 |
| Overført frå driftsregnskapet | 408 | 410 | 206 |
| Bruk av disposisjonsfond | 10 | 10 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 85 |
| Bruk av bundne fond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av likviditetsreserve | 0 | 0 | 0 |
| *Udekka/udisponert* | *(815)* | *(318)* | *(258)* |
| Sum finansiering | 20476 | 43674 | 14709 |

- Kommunen sine investeringar har i fleire år vore kapitalkrevjande. Det meste er finansiert gjennom låneopptak. 2006 var ingen unntak og 93,5% er finansiert på denne måten.
- Det er bokført investeringstilskot til servicebygg - og sentrum i Eidsdal med til saman 609 tusen kroner. Investeringa er utgiftsført tidlegare år. Det er budsjettert med 774 tusen i statlege tilskot til Syltebøen barnehage. I ettertid er det klart at kommunen ikkje får det grunna endring i tilskotsordningane. Det manglande tilskotet er ikkje finansiert.
- Overføring av unytta midlar til investering har variert frå det eine året til det andre. I overføringa er det prosjekt som ikkje har start opp eller er avslutta i rekneskapsåret. Prosjekt kan vere i arbeid over fleire år. Ein kan difor ikkje automatisk samanlikne budsjett og rekneskap år for år. 2006 viser at akkumulert overføring er på heile 25,1 mill. kroner. I 2005 var dei 16,5 mill. kroner
- Det største investeringsvolumet, av brutto utgifter, er til Åsevegen.

## 3.3 BALANSEREKNESKAPEN

Balanserekneskapen inneheld aktiva og passiva og med bokført kapital 404.632 mill. kroner ved utgangen av året. *Aktiva* inneheld anlegg- og omløpsmidlar. *Passiva* eigenkapital, lang- og kortsiktig gjeld. I tillegg memoriakonto lån. Det blir elles vist til balanserekneskapen.

3.3.1 Frå aktiva(eigedelar):
Aksjar og andeler har auka med brutto 975 tusen kroner inkludert kravet til eigenkapital til KLP Forsikring med 318 tusen kroner. Aksjekjøp i Storfjord Helsesenter 497 tusen kroner. I Murihagen 150 tusen kroner. Sum aksjer syner 32,8 mill. kroner.

Kortsiktige krav er redusert netto med 2,90 mill. kroner. At krava er redusert så mykje har årsak i interimsførte inntekter i 2006, men innbetalt først i 2007. Slike overføringar vil variere frå år til år.

3.3.2 Frå passiva(eigenkapital og gjeld):
Alle type fond har auka netto med 1,1 mill. kr. I 2006. *Disposisjonsfonda* er redusert med 0,2 mill. kroner. Det spesifikke disposisjonsfondet syner berre 239.886 kroner og er så absolutt ingen buffer. Dei *bunde driftsfonda* har auka 1,3 mill. kroner. Årsaka er avsette ubrukte midlar til Næringsfondet. *Ubundne investeringsfond* har marginal endring, medan *bundne investeringsfond* syner ingen endring.

Den totale kortsiktige gjelda syner 28 mill. kroner, ein auke på 0,7 mill. frå 2005. Gjelda vil alltid variere frå år til år. Den inneheld til dømes skuldig skattetrekk, arbeidsgjevaravgift og oppgjer av meirverdiavgift.

3.3.3 Langsiktig gjeld
I sum langsiktig gjeld inngår ikkje pensjonsforpliktingar. Veksten i investeringane kom med full tyngde frå 2002 og dermed auka lånegjeld. Dei tre neste åra flata langsiktig gjeld seg meir ut. Netto lånegjeld i 2006 har auka med 13 828 mill. kroner. Investeringane er nærmast 100% finansiert med lån. Overføring av ikkje oppteke lån til finansiering i 2007 er 25,1 mill. kroner.

| | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Norddal | 89 485 | 97 816 | 99 587 | 99 602 | 113 430 |

- For å unngå auka renteutgifter blir likviditeten gjennom året nytta maksimalt også til investering. Vi unngår låneopptak og sparte renteutgifter.

## 3.4 NØKKELTAL

3.4.1 Netto resultatgrad

Netto resultatgrad viser resultatet i % av driftsinntektene, etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Sentrale myndigheiter legg til grunn resultatgraden i kommunane ikkje bør være under 3%. Desse midlane vil då kunne nyttast som buffer for svingingar i økonomien og til eigenkapital ved investering. Netto driftsresultat er å sjå på som den primære indikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren.

| | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto resultatgrad | -1,2% | 0,9% | -0,3 | 1,2% | 1,2% |

- Netto resultatgrad var i 2006 på 1,2%. Gjennomsnittleg resultatgrad var på 6,1% i kommunegruppa. Tilsvarande resultat i snitt for kommunane i Møre og Romsdal 3,5%. Vi ser at kommunen sin resultatgrad har variert dei siste åra, men har betra seg frå 2004. Norddal kommune sine evne til eigenfinansiering av investeringar blir nærmast lik null.

### 3.4.2 Kapitalutgiftsgrad

Den syner kor stor del av kommunen sine brutto driftsinntekter som går med til å dekke kapitalutgifter. Kapitalutgiftsgrad bør ikkje overstige 7 %.

| | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Samla driftsinntekter | 107 937 | 118 976 | 117 416 | 124796 | 134 639 |
| Netto kapitalutgifter | 5 386 | 9 534 | 3 870 | 2 564 | 3 756 |
| Kapitalutgiftsgrad | 4,9% | 8,0 % | 3,3 % | 2,0% | 2,8% |

- Kapitalutgiftsgraden har auke frå 2005 til 2006. Viktige forklaringar til resultatet er høvesvis større auke i netto eksterne finansinntekter/-utgifter enn i driftsinntektene. Auka rente- og avdragsutgifter og auka rentesats. Positivt utslag var at utbytte auka med om lag 600 tusen kroner. Resultatet er svært lik kommunegruppa og for kommunane i fylket.

### 3.4.3 Sjukefråvær

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|
| Samla sjukefråvær | 8,9% | 8,1 % | 7,7% | 9,3% |

- Her er vist sjukefråværet *inkl. eigenmelding*. Fråværet har auka frå 7,7 % i 2005 til 9,3% i 2006. Fråværet ved eigenmelding er likevel redusert. Ramma for eigenmelding på 24 dagar er ikkje endra i 2006. Endringane i arbeidsmiljølova og folketrygdlova av 1. mars sette større krav til arbeidsgjevar sitt ansvar.

    - Mange faktorar påverkar sjukefråværet. Verksemda sitt arbeidsmiljø har mykje å seie for helse og trivsel. Lengda på sjukmelding er ei anna årsak. Fråværet har auka i alle kvartal samanlikna med 2005.

**Teneste: Administrasjon**
**Eining/ansvarsområde: Rådmannskontor, stab**

---

**Mål for ansvars-området/ Kort skildringa av tenesta**

Norddal kommune skal vere ein organisasjon som er prega av høg kvalitet på tenestene, og der brukarane sine behov er sett i fokus og er grunnlaget for verksemda.
Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å

- vekse opp i og ein god kommune å busetje seg.
- Vi skal arbeide aktivt for å utvikle heilskapstenking innan dei ulike ansvarsområda i den kommunale verksemda.
- Vi skal aktivt leggje til rette for politiske vedtak og gjennomføringa av desse.

Sentraladministrasjonenen sine tenester skal generelt vere prega av høg fagleg kvalitet, høgtservicenivå og effektivitet. Funksjonane innan sentraladministrasjonen skal vere utviklingsorienterte service- og støttefunksjonar for folkevalde, rådmann og den øvrige kommuneorganisasjonen.
Publikum skal i størst mogleg grad få avgjort sakene sine ved å vende seg til eit felles servicetorg eller direkte til verksemdene.
Organiseringa av tenestene skal synleggjere ansvarstilhøva klårt både for publikum og internt i organisasjonen.. Kommunekassa har ansvar for økonomisk planlegging herunder økonomiske analyser, rekneskap mv. Forutan servicetorget og IKT er støttefunksjonane elles m.a. undervisning, næringsutvikling, sosiale tenester og plantenester for tida stabstenester. Desse får eigen omtale i årsmeldinga.

---

**Nøkkeltal**

Budsjett 2005: 9 013 540 kr    Rekneskap 2005: 9 499 188 kr
Budsjett 2006: 8 429 220 kr    Rekneskap 2006: 8 256 028 kr

| Årsverk: | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|
| Rådmannskontoret | 3 | 2,75 | 2,75 | 3 |
| Servicetorg | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Stab | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Kommunekasse | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Rådhuset | 0,74 | 0,74 | 0,74 | 0,74 |

---

**Økonom-iske resultat**

| | Buds(end) 2006 | Regnskap 2006 | Avvik % 0 |
|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 1100 Kommunestyre og formannsk. | 1 260 700 | 1 474 188 | 16,9 |
| Sum ansvar: 1102 Støtte politiske parti | 46 000 | 48 030 | 4,4 |
| Sum ansvar: 1104 Bygdeutval | 2 000 | 666 | -66,7 |
| Sum ansvar: 1105 Distriktsrevisjonen | 314 000 | 285 800 | -9 |
| Sum ansvar: 1107 Sunnm. kontrollutval sekretariat | 40 000 | 40 000 | 0 |
| Sum ansvar: 1120 Forliksrådet | 400 | 3 626 | 806,5 |
| Sum ansvar: 1121 Overformynderiet | 9 300 | 12 522 | 34,7 |
| Sum ansvar: 1122 Beredskap | 20 000 | 4 100 | -79,5 |
| Sum ansvar: 1124 Ungdomsråd | 15 000 | 4 888 | -67,4 |
| Sum ansvar: 1200 Rådmannskontoret | 1 751 400 | 1 882 799 | 7,5 |
| Sum ansvar: 1201 Kommunekassa | 1 134 220 | 1 114 534 | -1,7 |
| Sum ansvar: 1202 Servicetorget | 1 540 800 | 1 331 566 | -13,6 |
| Sum ansvar: 1203 Stabsfunksjon | 117 000 | 98 360 | -15,9 |
| Sum ansvar: 1204 Datadrift | 1 009 100 | 993 330 | -1,6 |
| Sum ansvar: 1220 Interkomm. samarbeid pleie/omsorg | 0 | 0 | 0 |
| Sum ansvar: 1800 Enøksparing | 0 | 5 708 | 0 |
| Sum ansvar: 1900 Fellesutgifter | 101 500 | 230 707 | 127,3 |
| Sum ansvar: 1901 Forsikringar | 290 000 | 89 070 | -69,3 |
| Sum ansvar: 1902 Administrasjonsbygg | 761 600 | 635 982 | -16,5 |
| Sum ansvar: 1903 Tilleggsløyvingar | 5 200 | 0 | -100 |
| Nedsummert netto | 8 429 220 | 8 256 028 | -2,1 |

**Admini-strative eller faglege resultat**

I løpet av 2006 er ma desse tiltak/prosjekt igangsett under leiing av sentraladministrasjonen med støtte frå stab. Nokre av desse er avslutta og andre vert vidareført i år 2007.
I tillegg kjem daglege/fortløpande drifts- og sakshandsamingsoppgåver for dei politiske utvala.

- Synleg og tydeleg rådmannsfunksjon
- Vurdere utvikling Murigrandane
- Hovedrapport 1, eigedomselskap
- Kommuneplan (samf.del)

---

- Årsbudsjett. Økonomiplan
- Bedriftshelsetenesta, evaluering
- Seniorpolitikk
- Reglement og rutiner
- Stillingsheimlar og tilsettingstilhøve skule-barnehage
- Oppstart lønspolitisk plan
- Oppfølgjing av sjukefråver
- Kompetansebyggjing og rekruttering
- Etablering komplett styringssystem
- Effektivitetsnettverka med vekt på styringsystem, brukarundersøking
- Tenestekvalitet, kontrollar
- Nytt pleie- og omsorgs system
- Breiband til eksterne verksemder

---

**Særskilde utford-ringar i tida som kjem**

- Sjølv om Norddal kommune relativt nyleg har vore gjennom ein administrativ (og politisk) omorganiseringsprosess, er det naudsynt at vi heile tida ser med kritiske auge på organisasjonen vår, med sikte på å optimalisere tenestetilbodet. Vi må satse på utvikling av leiarane våre, m.a. ved å leggje vekt på samhandlingsarenaer der ein kan utvikle vi-kultur og skape grunnlag for heilskapstenking og –løysingar. Det er behov for ei avslutning av gjennomgangen av arbeidsoppgåver og ansvarstilhøve så vel *innan* sentraladministrasjonen (rådmannsleiinga og stab/støtte-funksjonar) som i tilhøvet *mellom* sentraladministrasjonen og dei "ytre" verksemdene. Målsettinga er ei betre arbeidsdeling og klargjering og konkretisering av arbeidsoppgåver og ansvar.
- Vi må vere godt nok budd på dei ulike problemstillingar som kjem. I samband med tenesteytinga, må arbeidsgjevarfunksjonane i kommunen kome tydeleg fram. Norddal kommune som organisasjon har monalege ressursar, ikkje minst gjeld det eit godt kvalfisert personale med høg motivasjon for å yte best mogleg tenester til innbyggjarane. Sjølv om det kan synast som behova ofte er langt større enn dei kommunale ressursane kan stette, er det ingen tvil om at det totale tenestetilbodet og den kommunale infrastrukturen har god standard. Dei statlege overføringane har vorte redusert som følgje av minkande folketal, men dette er langt på veg kompensert gjennom auka eigeninntekter.
- Det beste utgangspunktet for nødvendige endringar i kommuneorganisasjonen, er å byggje forståinga av omgrepet service i alle plan og tilsette i kommunen. Det er her særs viktig å byggje evna til å sjå utover. I dette ligg at samtida sett tenestene i fokus, noko som medfører at rammevilkåra for ulik yrkesutøving/yrkesroller endrar seg.
  Vidare er det ei stor utfordring å sjå koplinga mellom arbeidsmiljø og kvalitet. Truleg bør denne koplinga peikast ut som ein konkret strategi. Sentralt her vil vere å auke produktivitet kombinert med kvalitetsretting, noko som krev samordning av desse to omgrepa. Folketalutviklinga i Norddal kommune har dei seinare åra vore negativ med unnatak av 2006, og det har konsekvensar for statlege overføringar og derved den kommunale økonomien. Likevel syner statistikk og økonomiske oversiktar at vår kommune har eit omfang på dei kommunale tenestene som ligg over dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med.
- Auka krav til effektivitet og produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i den kommunale organisasjonen, og vi vil i større grad møte forventningar om tverrfaglege heilskapsløysingar i tenesteproduksjonen. Krava og utfordringane til kommunen som aktiv samfunnsutviklar vil også auke, og kommunen vil i endå større grad vere medaktør i tiltak for å skape attraktive arbeidsplassar.
- Kartlegging av kompetanse er ikkje fullført. Arbeid med plan for kompetanseutvikling må få prioritet i 2007. I mange høve er utdanningstiltak sett i gang utan at det er sett i samanheng med heilskap og behov. Tilbod om kompetanseheving i regi av Vitafjord vil vere ønskjeleg.
  I 2006 har vi opplevd at det stadig blir vanskelegare å rekruttere fagfolk til mange av dei utlyste stillingane. Ein god rekrutteringsplan bør utarbeidast. Fokus må rettast både på tiltak til eksterne søkjarar og til intern kompetanseheving.
- Det har vore auke i samla sjukefråver samanlikna med 2005 (som på landsbasis).
- Det er etablert eit godt samarbeid med NAV gjennom avtalen om Inkluderande arbeidsliv, men i mange høve er dette eit arbeid som går over lang tid med den einskilde arbeidsuføre.
  Det er viktig å presisere at på nokre av verksemdene er sjukefråveret svært lågt, tilsette og leiarar fortener ros for dette.Arbeid med å redusere sjukefråveret må ha sterkt fokus også i 2007. Vi opplever for alvor at kampen om arbeidskrafta tek til.

**Beredskap**

- Utarbeide planar i høve til Åknes/Tafjord problematikken
- Nasjonal øving knytt opp til skredproblematikk
- Lage plan som sikrar vass- og elektrisitetsforsyning
- Oppdatere eksisterande planverk

---

**Teneste: Skulefritidsordning (SFO) - 2006**

**Eining/ansvarsområde: Valldal skule, Dalsbygda skule og barnehage, Tafjord skule og barnehage.**

---

**Mål for ansvars-området/**

SFO-tilbodet skal:

- Vere eit godt fritid- og tilsynstilbod for elevar i 1. – 4. kl. før og etter skuletid og elles når barna har fri frå skulen på dagtid.
- Sikre borna sitt behov for trygg omsorg og tilsyn.
- Medverke til at borna får eit godt og heilskapeleg tilbod som gir læring og utvikling.
- Gi borna ei oppleving av tryggleik, nærleik og respekt i eit miljø prega av leik og fysisk aktivitet.

**Kort skildringa av tenesta**

Eidsdal har i 2006 ikkje hatt born i SFO.
Ved Valldal skule har opningstida i 2006 har vore utvida i høve til tidlegare år. Dvs. at tilbode har vore ope i feriane og i sommarferien med unntak av to veker. Valldal har hatt eit samarbeid med Syltebøen barnehage når det gjeld bemanning i den utvida opningstida. Tilbodet opnar kl 0730 og stengjer 1630. I Dalsbygda er opningstida 0715 – 1615, og Tafjord har ope i tida 0720-1500.

---

**Nøkkeltal**

| | Brukarar 05 | Brukarar 06 | Årsverk 05 | Årsverk 06 |
|---|---|---|---|---|
| Dalsbygda | 3 | 7 | 0,20 | 0,30 |
| Tafjord | 0 | 4 | 0,00 | 0,2 |
| Valldal | 27 | 30 | 1,56 | 1,71 |

---

**Øko-nomiske resultat**

Netto budsjettal

| | Budsjett 06 | Rekneskap 06 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| Dalsbygda | 66 300 | 37 206 | -29 094 |
| Tafjord | 33 600 | 13 417 | -20 183 |
| Valldal | 377 600 | 430 810 | 53 210 |

Rekneskapen for SFO ved Valldal skule viser større aktivitet enn det er budsjettert med . Årsaka er m.a. barn som treng større grad av tilsyn.
I Tafjord og Dalsbygda er tilbodet integrert med barnehagedrifta. I Dalsbygda og Tafjord har fleire born gitt større inntekter enn medrekna i budsjettet.

---

**Admi-nistrative eller faglege resultat**

SFO-tilbodet ved Dalsbygda skule og barnehage er heilt eller delvis integrert med barnehagen. Foreldra vel sjølv fritt dagar, tidspunkt og samla timetal. Dei kan og velje om tilbodet skal følgje skuleåret eller barnehageåret.
Tilbodet ved Tafjord skule og barnehage er og integrert med barnehagedrifta og er mykje likt tilbodet ved Dalsbygda skule med unntak av at tilbodet er avgrensa til å følgjer skuleåret. Lokalitetane som vert nytta er gode og tenelege.
Ved Valldal skule er tenesta er fysisk plassert saman med småskuletrinnet. Romma som vert brukte er godt tenelege til føremålet og er felles med det som blir nytta til undervisning. Det same gjeld utstyret. Leikene er i god stand og det utvendige leikearealet er godt tilpassa aldersgruppa.
Stegleiar på skulen sitt småskuletrinn har også eit overordna ansvar for denne tenesta. Alle foreldre har i år fått det tilbodet dei har søkt om.

---

**Særskilde utfordringar i tida som kjem**

Behovet foreldra melder inn for feriane, viser seg å vere mykje større enn det reelle behovet. Det blir difor ei utfordring å finne fram til løysingar som gir eit godt tilbod utan at kostnadene vert for store. For komande skuleår prøver vi med kortare opningstid, men registrerer trongen for tilbod i feriane for eventuelt å komme fram til eit samarbeid med barnehagen som erfaringsmessig også har få barn i mange av feriane.

---

**Teneste: Grunnskule**
**Eining/ansvarsområde: Dalsbygda skule og barnehage, Eidsdal skule, Tafjord skule og barnehage, Valldal skule.**

**Mål for ansvars-området/ Kort skildringa av tenesta**

Drift av grunnskulane er regulert gjennom **Lov om grunnskulen** med forskrifter og **Læreplan for grunnskulen**.

**Lov om grunnskulen seier:**
Grunnskulen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Opplæringa i grunnskulen skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.

Opplæringa skal leggje eit grunnlag for vidare utdanning og for livslang læring og støtte opp under eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag og eit høgt kompetansenivå i folket.

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hos den enkelte eleven.

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom skule og heim og mellom skule og arbeidsliv. Alle som er knytte til skulen, skal arbeide for å hindre at elevar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

**Læreplan for grunnskulen omfattar:**
Generell del. Læringsplakaten. Fag og timebyteplan. Fagplanar med formål, innhald, grunnleggjande ferdigheiter, kompetansemål og vurdering.

Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret.

**Nøkkeltal**

| | Elevtal 05 | Elevtal 06 | Årsverk 05 | Årsverk 06 |
|---|---|---|---|---|
| Dalsbygda skule | 15 | 22 | 3,62 | 3,85 |
| Eidsdal skule | 59 | 65 | 11,55 | 11,71 |
| Tafjord skule | 9 | 9 | 2,43 | 2,35 |
| Valldal skule | 161 | 164 | 22,14 | 22,85 |

**Økonom-iske resultat**

| | Rekneskap 06 | Budsjett 06 | Avvik i kr | Forbruk i % |
|---|---|---|---|---|
| Dalsbygda skule | 2 159 398 | 2 173 500 | - 14 102 | 99,4 |
| Eidsdal skule | 5 975 563 | 5 955 900 | 19 663 | 100,3 |
| Tafjord skule | 1 380 185 | 1 469 100 | - 88 915 | 94,0 |
| Valldal skule | 12 124 190 | 11 871 000 | 253 190 | 102,1 |

**Admini-strative eller faglege resultat**

**Alle skulane:**
- Kommunen har eit godt kvalifisert personale med høg utdanning og sterk vilje til å gjere eit godt arbeid.
- Alt personale har delteke i ulike former for kompetanseheving.
- Det er satsa på å ha eit godt styringsreiskap gjennom ulike planar som verksemdsplanar, halvårsplanar, vekeplanar.
- Det blir arbeidd systematisk med å skape eit trygt og godt arbeids- og læringsmiljø.
- IKT blir brukt aktivt av tilsette og elevar for å effektivisere arbeidet og betre kvaliteten.
- Det er satsa på deltaking i nasjonale eller eigne prosjekt. Det er gjennomført kvalitetsundersøkingar. I tillegg skriftleg og munnleg eksamen for avgangselevane med godt resultat.
- Skulane blir etter tur vurderte av eksterne fagfolk som gir råd om vegen vidare. Eidsdal skule var først ute hausten 05. Valldal skule hadde vurdering hausten 06. Dalsbygda skule og barnehage skal ha vurdering våren 07. Vurderingane blir sett på som svært nyttige for dei skulane som har gjennomført dei.

Spesielt for Dalsbygda:
- Har satsa på ulike område som leseprosjekt, dans/drama, natur/nærmiljø/friluftsliv. Presentasjon av nokre prosjekt for foreldre.
- Bruk av lokale informantar i samband med historieprosjekt knytt til sæterdrift m.m. på Hallstadsætra.
- Auka fokus på begynnaropplæring.
- Arbeid med å utvikle betre arbeidsplanar/vekeplanar.
- Forsøk med felles frukost/lunch.
- Rektor deltar i korps for ekstern vurdering av skular på Nordre Sunnmøre.

Spesielt for Eidsdal:
- Har vore med i leseprosjektet Gje rom for lesing.
- Har starta opp prosjektet "Skulen ut til folket – folket inn i skulen"
- Samarbeid med Dalsbygda og Geiranger om innføringa av Kunnskapsløftet

Spesielt for Tafjord:

| | |
|---|---|
| | • Har hatt svært lågt barnetal, og har lagt stor vekt på samlande aktivitetar.<br>Spesielt for Valldal:<br>• Har delteke i eit 3-årig prosjektsamarbeid med Regional PP-teneste for å utvikle skulen.<br>• Ein lærar deltar i korps for ekstern vurdering av skular på Nordre Sunnmøre.<br>• Har innført elektronisk læringsplattform og mappevurdering.<br>• Har arbeidd spesielt med å forbetre elevarkiv, rutiner og dokumentasjon.<br>• Har hatt eksternvurdering med vekt på god informasjon til elevar og foreldre. Skulen har fått svært positive tilbakemeldingar frå vurderarane.<br>• Har også i år gjennomført kabaret i ungdomsskulen med svært godt resultat. Fullt hus, ca. 300 framøtte på forestillinga. Dette har vore utviklande både for miljøet og personleg for elevane. |
| **Særskilde utford-ringar i tida som kjem** | **Alle skulane:**<br>• Utarbeiding av lokale fagplanar i samband med Kunnskapsløftet. Dette stiller store krav til dei som arbeider i skulen både når det gjeld arbeidsinnsats og tileigning av ny kompetanse.<br>• Kompetanseheving gjennom etter- og vidareutdanning av prioriterte område. Kompetanse innan realfag ser det ut til å bli mangel på. Det får konsekvensar også for prioriteringa innan rekruttering.<br>• Arbeide med å utvikle skulane som lærande organisasjonar.<br>• Planlegge og gjennomføre utviklingsarbeid og arbeid med struktur og rutiner.<br>• Gode planar og rutiner for kvalitetsutvikling og kvalitetssikring.<br>• Sterk fokus på godt læringsmiljø.<br>• Innkjøp av nye lærebøker og læremiddel som er tilpassa dei nye planane.<br>• Utarbeide og gjennomføre plan for samarbeid mellom skulane i kommunen.<br>Spesielt for Dalsbygda:<br>• Gjennomfører eksternvurdering våren 2007 der det blir sett fokus på ressursbruk og samarbeid mellom skule og barnehage.<br>Spesielt for Valldal:<br>• Langsiktig rekrutteringsplan nødvendig pga. stor utskifting av personale dei næraste åra. Det gjeld spesielt mannlege lærarar som det kan bli svært få av i åra som kjem.<br>• Renovering av idrettsbygg/samfunnshus nødvendig. Dei tekniske anlegga er gamle og fungerer dårleg, og heis manglar. Oppstart for renovering våren 2007.<br>• Ungdomsskuledelen med klasserom og arbeidsrom for personalet treng betre ventilasjon og temperaturregulering. |

**Teneste: Vaksenopplæring - 2006**
**Eining/ansvarsområde: Valldal skule**

---

**Mål for ansvars-området/ Kort skildringa av tenesta**

Dette er ei teneste som skal gi tilbod om opplæring til innbyggjarane innan fleire område.
I 2006 omfattar dette følgjande:

- Opplæring på vidaregåande skule sitt område (våren 06).
- Opplæring i norsk og samfunnsfag for innvandrarar.
- Vedlikehaldsundervisning for vaksne utviklingshemma.

Det er ei målsetting at denne tenesta skal:

- Gjere det lettare for innvandrarar å verte integrert i lokalsamfunnet.
- Gi utviklingshemma ein meir meiningsfull kvardag.

Det er Valldal skule som er tillagt ansvaret for å gi tenester på dette området.

---

**Nøkkeltal**

Årsverk i dette tenesteområdet:

| Stilling | Vår 06 | Haust 06 |
|---|---|---|
| Lærarar | 1,24 | 0,77 |
| Assistentar | 0,46 | 0 |
| Sum årsverk | 1,70 | 0,77 |

---

**Økonom-iske resultat**

Budsjett og rekneskap

| | Budsjett | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| Utgifter | 642 400 | 710 195 | 67 795 |
| Inntekter | -406 300 | -445 571 | -39 271 |
| Netto utg. | 236 100 | 264 624 | 28 524 |

Innvandrarar som ikkje har rett på opplæring i norsk og samfunnsfag betaler, frå 1. des. 06, 25 kr timen for å delta i undervisninga (etter vedtak i driftsutvalet).

---

**Administrative eller faglege resultat**

Når det gjeld undervisning av vaksne innvandrarar var våren 06 prega av dårleg frammøte til undervisningstimane i høve til det talet elevar som var påmelde. Dette har vore betre i hausthalvåret.
Mellom 3 og 6 elevar møter til kvar samling
Undervisninga har vore fordelt på tre økter på til saman 8 timar (to på kveld og ei på dagtid).
Ein elev har meldt seg opp til prøve i 2006. Ingen av dei som har delteke i 2006 har plikt på seg til å avlegge prøve. Nye føreskrifter gjeldande frå 1. sept. 05 endrar på dette. Ei stor gruppe innvandrarar som kjem til landet etter denne datoen, må avlegge prøve.
Vaksne utviklingshemma får opplæring med sikte på å vedlikehalde dugleik innan leseing, skriving og talforståing i tillegg til å kunne lage mat og stelle hus og klede i den grad det er teneleg for den einskilde. Trongen for slik opplæring bør gå fram av individuelle planar for dei som tilhøyrer denne gruppa. I dag vert deler av denne undervisninga utført saman med elevar frå Stranda kommune og kombinert med arbeid på verna bedrift (ASVO). Fram til og med våen 2006 gjennomførte også skulen undervisning innan vidaregåande opplæring på vegne av fylkeskommunen. Reduksjonen i årsverk har si årsak i dette.

---

**Særskilde utfordringar i tida som kjem**

Refusjon i for undervisning av innvandrarar og flyktningar som kjem etter 1. sept. 05. vert gitt med eit fast beløp pr. person og ikkje som no etter talet på grupper. For ei kommune med få flyktningar/ innvandrarar vert difor finansiering av opplæringa ei utfordring etter kvar som dei som kom før den aktuelle datoen har fått si opplæring. Eit samarbeid med ikring-liggjande kommunar vil bli nødvendig.
Vidare blir det i større grad nødvendig å ha individuelle planar som seier meir om opplærings-tilbodet i høve til den einskilde vaksne utviklingshemma kommunen har ansvar for. Opplæringa må også veksle mellom individuell opplæring/rettleiing og opplæring i grupper tilpassa den einskilde sine behov. Skal vi få til dette, må vi også i tida frametter samarbeide med andre kommunar om felles tilbod til denne gruppa.

---

**Teneste: Barnehage**
**Eining/ansvarsområde: Syltebøen barnehage, Eidsdal barnehage, Dalsbygda skule og barnehage, Tafjord skule og barnehage**

**Mål for ansvars-området/ Kort skildringa av tenesta**

Sentralt for barnehagane er **Lov om barnehagar** og **Rammeplan for barnehagar**.
I lov om barnehagar står det m.a.:
Barnehagen skal gje born under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheiter i nær forståing og samarbeid med heimen.
Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.
Barnehagen skal hjelpe heimane med omsorgs- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for borna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn.
Barnehagen skal gje born grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle område.
Barnehagen skal formidle verdiar og kultur.
Departementet fastset ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gje retningslinjer for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen kan ha lokale tilpasningar.

**Nøkkeltal**

| Årsverk | Barnetal 05 | Barnetal 06 | Årsverk 05 | Årsverk 06 |
|---|---|---|---|---|
| Syltebøen barnehage | 62 | 57 | 12,00 | 12,04 |
| Eidsdal barnehage | 20 | 16 | 2,90 | 3,20 |
| Dalsbygda barnehage | 14 | 13 | 2,35 | 2,42 |
| Tafjord barnehage | 3 | 2 | 1,38 | 1,09 |

**Økonom-iske resultat**

| | Rekneskap 06 | Budsjett 06 | Avvik i kr | Forbruk i % |
|---|---|---|---|---|
| Syltebøen barnehage | 899 373 | 1 015 330 | - 115 957 | 88,6 |
| Eidsdal barnehage | 194 112 | 230 700 | - 36 588 | 84,1 |
| Dalsbygda barnehage | 310 803 | 416 600 | - 105 797 | 74,6 |
| Tafjord barnehage | 352 606 | 400 900 | -48 294 | 88,0 |

**Admini-strative eller faglege resultat**

**Alle barnehagane:**
- Innføring av ny barnehagelov og ny rammeplan, planlegging av utviklingsprosjekt.
- Systematisk jobbing med kvalitetsutvikling og kvalitetssikring.
- Brukarundersøkingar og evalueringsskjema.
- Kontrollert økonomistyring.

Spesielt for Syltebøen:
- Vidare arbeid med sosial kompetanse – STEG FOR STEG
- Samarbeid med Valldal skule – Sfo m.a. om ferieavviklinga.
- Har tatt i bruk nybygg – utvida til 3 avd.

Spesielt for Eidsdal:
- Ny verksemdsleiar frå august 2006
- Lågt sjukefråvær hausten 2006
- Har arbeida rundt temaet sosial kompetanse og natur, miljø og teknikk
- Felles teateroppsetning med dei andre barnehagane i kommunen i Dalsbygda

Spesielt for Dalsbygda:
- Skuleelevane kjem til barnehagen og les for dei.
- Skuleførebuande opplegg for 5/6-åringane.
- Besøk av Teateret Vårt.
- Samarbeid med kyrkjekontoret om hausttakkefest.

**Særskilde utford-ringar i tida som kjem**

**Alle barnehagane:**
- Tilpassing til ny barnehagelov og ny rammeplan. Utarbeiding av lokale planar.
- Høgt fokus på arbeidsmiljø, særleg gjennom utviklingsarbeid og arbeid med struktur og rutiner.
- Satsing på kompetanseheving.

Spesielt for Syltebøen:
- Fråversstatistikken-vi har framleis for høgt fråver.
- Auke dei tilsette si stoltheit over eigen arbeidsplass(jfr. Medarbeidargranskinga i 2006).
- Beise heile barnehagen.

Spesielt for Eidsdal:
- Oppretthalde søkermasse og rekruttering.
- Oppussing/måling av kjøkken, gang, opphaldsrom
- Ny komfyr og vaskemaskin.
- Skifte vindauge
- Nytt golvbelegg på delar av bygninga

**Teneste: Kultur**

**Mål for ansvars-området/ Kort skildringa av tenesta**

**Bibliotek**
Overordna målsetjing:
"Folkebiblioteket skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent. Folkebiblioteket er ledd i et nasjonalt biblioteksystem."

**Kultur**
Kultur er limet som held samfunnet saman og som skapar meining og innhald gjennom identitets-, haldningsskapande og forebyggande aktivitetar. Vi vil at kulturarbeidet i Norddal kommune skal bidra til å styrke kunnskap og identitet, auke trivselen og bidra til nyskaping, for med det å medvirke til at vårt lokalsamfunn blir ein attraktiv stad å bu i, etablere seg i og feriere i for alle grupper i befolkninga.

**Kulturskulen**
I tillegg til eit lokalt ønskje om gode tilbod til barn og unge i Norddal, er det sentrale føringar i kva kulturskulen skal innehalde. Her kan nemnast: Lovfesting av musikk- og kulturskulen, Lov om grunnskulen – ny opplæringslov, Ny § 42 c vedteken i Stortinget 05.06.1997 – iverksett frå 1. juli 1998

*"Alle kommuner skal alene eller i samarbeid med andre kommuner ha et musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers."*

**Barn og unge**
Vi ynskjer at barn og unge skal trivast i Nordal kommune. Dei skal gjennom oppveksten kjenne meining og trivsel og at det er bruk for dei. Barne- og ungdomsåra skal gi dei ein god bakgrunn for å gå vidare i livet. Dei skal vere aktive og engasjerte og erfare at dei har påverknad på livssituasjonen sin.

**God Helse**
God Helse er Møre og Romsdal fylke sitt langsiktige arbeid for å gi folk i fylket eit godt liv. Målet er at flest mogleg meistrar sin eigen livssituasjon.
Gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapleg førebyggingsarbeid skal vi skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som er busett i kommunen.

**Nærmiljøsenteret**
Vi skal bli ein møteplass der menneske kan finne glede og utfordringar gjennom aktivitetar og tiltak som er meiningsfylte. I samarbeid med lokale lag, nærmiljø og brukarane skal vi leggje til rette for deltaking og meistring.

---

**Nøkkeltal**

| | Årsverk 2003 | Årsverk 2004 | Årsverk 2005 | Årsverk 2006 |
|---|---|---|---|---|
| Norddal bibliotek | 1,62 | 1,62 | 1.62 | 1,62 |
| Kultur | 0,50 | 0,50 | 0,50 | 0,50/1,0 |
| Norddal kulturskule | 2,93 | 3,12 | 3,22 | 3,3 |
| Nærmiljøsenteret | | | | 1,0 |

Budsjett 2006: 4 424 240 kr Rekneskap 2006: 4 439 970 kr (inkl. tilskot kyrkja og trussamf.)
Nærmiljøsenteret sitt budsjett ligg under pleie og omsorg.

---

**Økonom-iske resultat**

| | Rekneskap | Budsjett | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Netto Kultur | 1.165.295 | 1.190.440 | 25.145 | -2,1 |
| Netto Norddal bibliotek | 929.061 | 946.200 | 17.139 | - 1,81 |
| Netto Norddal kulturskule | 1.020.183 | 970.600 | -49.583 | 5,1 |
| Kyrkja, tilskot trussamfunn | 1.325.431 | 1.317.000 | -8.431 | 0,64 |

**Admini-strative eller faglege resultat**

**Biblioteket**
- Har i året gjennomført brukarundersøking. Den er ikkje ferdig analysert, men ser generell misnøye med fysiske forhold ved hovudbiblioteket. Etterspør også større utval av lydbøker og film. Vi scora høgt på servicenivå.
- Hovudbiblioteket er med i prosjektet "Muriparken", skal på sikt inn i rådhuset.
- Lite sjukefråvær, godt arbeidsmiljø
- Jamn drift som vanleg, mykje tid på bortpakking av eldre/litt uaktuelle bøker for å få plass til nye i hyllene ved hovudbiblioteket.
- Bibliotekbruken ganske stabil, Nedgang ved Norddal filial og hovudbiblioteket, litt opp ved Tafjord filial, Eidsdal filial stabil.

**Kultur**

- Gjennomført faste oppgåver som tildeling kulturmidlar, kulturforum, kulturdag, ungdommens kulturmønstring m.v.
- Bistått og formidla søknader om spelemidlar
- Omfattande turkartprosjekt. Arbeidsgruppe i gang, stiar kartlagt og klar til registrering på GPS. Arbeider med tekst- og bildedel. Arbeider med å få på plass grunneigaravtalar.
- Arbeidd fram ny driftsform for Paktarstova, stifting klar til etablering. Søkt om verdsarvmidlar til opprusting av bygningane.
- Rullert delplan idrett og fysisk aktivitet
- Rullert Byggande plan
- Ny organisering, skal koordinere bibliotek, kulturskule, God Helse samt arbeid mot barn og unge.
- Arbeidd fram grovskisse for rehabilitering av Valldal samfunnshus. Har søkt spelemidlar.

**Kulturskulen**

- Har hatt same aktivitetsnivå som tidlegere, med unntak av bildefag som er blitt utvida til 16 elevar.
- Fått nye lokale til bildefag på Gamlebanken
- Aktivt med i kabareten på Valldal skule
- Markert kulturskuleveke med konsertar på ulike institusjonar og skulane
- Kunstutstilling med bildefaggruppa
- Sel dirigenttenester til korps og kor samt aspirantopplæring.

**Barn og unge**

- Ungdomsrådet har møte jamnleg
- Ung fredag er etablert som møteplass for unge frå heile kommunen
- Stilt seg til rådigheit for ungdomsklubbane

**God Helse**

- Vasskjølarar innstallert på Valldal og Eidsdal skular, drikkeflasker vidareformidla til skulane
- Stavgangkurs, trilleturar, Vekas tur, God Helse-spalte i Storfjordnytt
- Stegteljarar til kommunalt tilsette og lokal deltaking i LHL-kampanjen *Kvart steg tel*
- *Stega tel framleis* - lokal stegkampanje gjennomført i november
- Interkommunalt ungdomstreff i samarbeid med Stordal kommune
- Deltakar i arbeidsgruppe for rydding og merking av råser og turkart i kommunen

**Nærmiljøsenteret**

- Gjennomført behovskartlegging
- Danna referansegruppe frå lag og organisasjonar
- Utarbeidd prosjektrapport
- Vedtak på finansiering av istandsetting og møblering
- Delteke på ulike lagsmøte med informasjon
- 

---

**Særskilde utford-ringar i tida som kjem**

**Bibliotek**

Nye lokale hovudbiblioteket

- Få bibliotekbasen lagt ut på internett igjen.
- Tilby skulane undervisning i søkje/bestillingsfunksjon i basen når denne blir tilgjengeleg for elevane

**Kultur**

- Arbeide for at kommunen blir ein føregangskommune for NaKuHel
- Arbeide vidare med Paktarstova
- Arbeide vidare med Valldal samfunnshus
- Arbeide vidare med turkartet
- Samarbeid med Verdsarvprosjektet, Stranda kommune og Kulturnett om felles koordinering av informasjon
- Vidareutvikle kultur som eiga eining

**Kulturskulen**

- Arbeider for å legge til rette for opplæring i dans
- Arbeider for å legge til rette for musikkteater
- Arbeider for å legge til rette for etablering av kortilbod til born og unge
- Arbeider for å opprette tilbod til elevar med behov for tilrettelagt undervisning. Vi er avhengig av samarbeid med skulane, barnehagane og institusjonane i kommunen
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid spesielt med tanke på rekruttering av lærarar

**Barn og unge**

- Følgje opp tiltak i Byggande plan
- Arbeide for eit aktivt og engasjert ungdomsråd
- Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet med t.d. skyss til arrangement
- Nettside *Ung i Norddal* for å informere kvarandre om kva som skjer

---

**God Helse**

- lage aktivitetsprogram for sommarhalvåret i samarbeid med idrettslaga
- deltakar i samarbeidet for rusfrie ungdomsarrangement
- Nettside *God Helse Norddal*
- Legge til rette for fylkessamling for God Helse i Valldal
- arbeid med turkartet

**Nærmiljøsenteret**

- Flytte inn og etablere senteret
- Etablere frivilligsentral i same lokala
- Arbeide for at tilbodet vert kjent
- Knyte til seg personar som ønskjer å bruke fritid saman med andre, og ta vare på dei
- Lage aktivitetsplan

**Teneste: Kommunehelse**
**Eining/ansvarsområde: Helseavdelinga**

---

**Mål for ansvars-området/ kort skildringa av tenesta**

Omfattar legekontoret i Valldal og utekontoret i Eidsdal, helsestasjonen med helsesøster inkl. jordmor, psykiatrisk sjukepleiar, kommunefysioterapeut og ergoterapeut, dei to sistnemnte er avtalar med Muritunet. Kommunen har avtale om driftstilskot med fysioterapeutar som driv privat praksis, fordelt til fysioterapeutar på Muritunet. Når det gjeld legesituasjonen har kommunen hatt tre gjennomgåande årsverk legar heile året. Legevakta krev supplerande innleige av "vikarlegar, ut over at kommunenen også har avtale med lege tilsett ved Muritunet. Det har vore skifte i kommunlege 2-funksjonen.

---

**Nøkkeltal**

Budsjett 2005: 4 661 600 kr — Rekneskap 2005: 4 443 312 kr
Budsjett 2006: 4 872 800 kr — Rekneskap 2006: 4 305 868 kr

| Årsverk | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|
| Legesekretærar | 2,35 | 2,35 | 2,35 | 2,35 |
| Helsestasjonen inkl. jordmor | 2 | 1,8 | 2 | 2 |
| Legar inkl. turnuslege | 3 | 3 | 3 | 3 |
| Psykiatrisk sjukepleiar | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Kommunefysioterapeut* | 0,5 | 0 | 0 | 0 |
| Ergoterapeut* | 0,5 | 0 | 0 | 0 |
| Sum årsverk | 9,35 | 8,15 | 8,35 | 8,35 |

*Sjå avtalar med Muritunet

---

**Økonomiske resultat**

| | | Buds(end) 2 006 | Rekneskap 2 006 | Avvik % |
|---|---|---|---|---|
| 3101 | Helsestasjon | 708 600 | 706 929 | -0,2 |
| 3102 | Kurativ helsevern | 3 536 700 | 3 653 716 | 3,3 |
| 3103 | Jordmorteneste | 237 400 | 217 751 | -8,3 |
| 3104 | Fysioterapiteneste | 614 400 | 490 852 | -20,1 |
| 3105 | Psykiatri | -459 900 | -745 486 | 62,1 |
| 3107 | Folketannrøkta | -31 400 | -37 009 | 17,9 |
| 3108 | L-V sentralen | 267 000 | 19 116 | -92,8 |
| | Netto | 4 872 800 | 4 305 868 | -11,6 |

**Administrative eller faglege resultat**

Helseavdelinga har i meldingsåret utført dei ulike program og tiltak som lov og føresegner krev.

---

**Særskilde utfordringar i tida som kjem**

Dei kommunale legetenestene må kome meir til synes. Arbeidsmiljøet i avdelinga må styrkjast i kraft av tverrfagleg samhandling og samhandling med andre tenester.
Vidare må ein samla internkontroll setjast ut i livet.
Ein må tilstreve kontinuitet i legetenesta.

---

**Teneste: Sosialtenestene**
**Eining/ansvarsområde: Sosialkontoret**

**Mål for ansvars-området/ kort skildringa av tenesta**

Barnevern- og sosiale tenester arbeider etter lov om sosiale tenester, lov om barneverntenester og alkohollova. Gjeldsrådgjevning ligg under sosialkontoret sine oppgåver samt sakshandsaming for Husbanken (bostøtte og etableringslån), utbetringstilskot, transportordning for funksjonshemma, reduksjon av renovasjonsavgift samt arbeid med flyktningar. Koordineringsarbeidet i høve funksjonshemma barn samt koordinering av individulle planar til barn og vaksne ligg pr. i dag til sosialkontoret. Sosialtenestene har etter kvart vorte ein stabsfunksjon.

**Nøkkeltal**

Budsjett 2006: 2 387 600 kr Rekneskap 2006: 1 968 090 kr
Årsverk 1.1.06: 1,0Årsverk 31.12.06: 1,0

**Økonomiske resultat**

| | | Regnskap | Buds(end) | Avvik(per.) |
|---|---|---|---|---|
| | | 2006 | 2006 | 0 |
| 3201 | Sosialkontor | 645 477 | 683 000 | - 37523 |
| 3202 | Økonomisk sosialhjelp | 416 571 | 578 000 | - 161429 |
| 3203 | Edruskapsvern | 60 093 | 116 300 | - 56207 |
| 3204 | Barnevern | 845 949 | 1 010 300 | - 164 351 |
| | T O T A L T | 1 968090 | 2 387 600 | - 419 510 |

**Administrative eller faglege resultat**

Kontoret driv primært med personretta tiltak. Alle meldingar og kontaktar av ulike slag, er i meldingsåret følgd opp på tilfredsstillande måte. Fagsystem IT for sosial og barnevern er på plass. Arbeidet med å få på plass eit interkommunalt barnevern (Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal) er godt i gang. Arbeidet med planlegging/førebuing av NAV – kontor er godt i gang.

**Særskilde utfordringar i tida som kjem**

Kontoret har framleis berre 1 årsverk. Det er behov for å øke kapasiteten ved kontoret med 0,5 årsverk. Dei største utfordringane ligg i barnevernet der ein, som elles i landet, ser tendens til stadig fleire brukarar. Når det gjeld sosial er det ei auke av gjeldsproblematikk noko som medfører utstrakt og naudsynt samarbeid med finansinstitusjonar og med namsmann. Sjølv om det er etablert et interkommunalt databasert samarbeid, er det pr. i dag ikkje kapasitet i samarbeids - kommunane til å avlaste kvarandre.

**Teneste: Pleie og omsorg**
**Eining/ansvarsområde: Institusjon, heimebaserte tenester**

---

**Mål for ansvars-området/ Kort skildringa av tenesta**

Pleie og omsorg femner om heimetenestene i kommunen i form av heimehjelp og heimesjukepleie. Tiltak for personar med utvilklingshemming er organisert under heimetenestene. Institusjonsbasert omsorg i form av Valldal sjukeheim.
Meir oppdelt blir oversynet slik:

- **Heimetenestene**
  - Heimetenester i Valldal dekkjer heimesjukepleie, heimehjelp, 22 omsorgsbustader (gml trygdeavdelinga) og 6 (7) rehabiliteringsplassar/korttidsplassar.
  - 13 ubemanna omsorgsbustader i Valldal.
  - Elvetun med 4 bustader for personar med utviklingshemming. Avlasningsbustad blir brukt som permanent bustad fram til vi finn ei anna løysing på bustadsituasjonen.
  - Teneste til ein person med utviklingshemming som bur utanom dette bufellesskapet.
  - Omsorgsbustadane i Eidsdal med 12 bebuarar, dekkjer heildøgnsbemanning i bustaden, samt heimehjelp og heimesjukepleie i Eidsdal og Norddal. Kjøkkenet ved bustaden lagar middag til alle i Eidsdal og Norddal samt at dei leverer middag til heimebuande.
  - 2 ubemanna omsorgsbustader i Eidsdal.
  - Omsorgsbustaden i Norddal med 5 ordinære leilegheiter og 2 mindre leilegheiter, som dekkjer døgnbemanning (kvilande nattevakt), heimhjelp og heimesjukepleie. Desse to einingane er å sjå på som ei eining der personalet vekslar mellom å være i Eidsdal og Norddal.
- **Valldal sjukeheim**
  - Somatisk avdeling med 20 sengeplassar.
  - Dementavdeling – Loftet med 8 sengeplassar.
  - 6 (7) korttidsplassar fysisk plassert på omsorgsbustaden i Valldal.
  - Kjøkken som lagar mat til samtlege bebuarar i institusjon, 22 omsorgsbustader samt at dei lagar og leverer middag til heimebuande.
  - Reinhald/vaskeri som har alt reinhald av alle institusjonsplassar, alle fellesrom og vasker klede for alle som bur her. I tillegg har dei vask av arbeidsklede til personalet.
  - Arbeidsstova med aktivitør og aktivitørassistent

Etterspurnaden på sjukeheimsplass og omsorgsbustad er høg. Søknaden om sjukeheimsplassar er stigande og ein greier ikkje å dekke dette behovet med dagens tal plassar. Alle plassar har gjennom året vore bebudd. Liggedøgnstatistikken viser eit belegg på 102 %. 6 korttidsplassar var ved årsskiftet bebudd av pasientar med vedtak om langtidsopphald. Talet på heimebesøk er relativt stabilt, men viser ein svak auke. Bebuarane i omsorgsbustadane er gjennomsnittleg dårlegare og krev difor meir hjelp frå heimetenestene.

---

**Nøkkeltal**

Budsjett 2006: 33 878 500 Rekneskap 2006: 34 932 280

| Årsverk | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|
| **Heimetenester:** | | | | |
| Administrasjon | - | 0,5 | 1 | 1 |
| Elvetun | 3,15 | 3,15 | 9,62 | 9,62 |
| Heimetenesta i Valldal, med oms.bustadane | 18,8 | 16,7 | 16,24 | 16,6 |
| Heimetenesta i Eidsdal | 7,64 | 10,8 | 11,4 | 11,5 |
| Heimetenesta i Norddal | 2,9 | 0 | 0 | 0 |
| Tiltak funksjonshemma | 2,26 | 5 | 5,63 | 5,63 |
| Verna arbeidsplass | | | 0,2 | 0,2 |
| **Institusjon:** | | | | |
| Administrasjon, verksemdleiar/sekretær | 1,5 | 1 | 1,5 | 1,5 |
| Sjukeavdelinga – spl, hjpl, oms.arb, ass | 19 | 19,8 | 20,8 | 20,8 |
| Skjerma avdeling – spl, hjpl, oms.arb, ass | 8,59 | 8,8 | 7,1 | 7,2 |
| Aktivitør | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 |
| Verna arbeidsplass | 0,2 | 0,2 | 0 | 0 |
| Kjøkken | 4,94 | 4,94 | 4,9 | 4,9 |
| Reinhald/vaskeri | 3,64 | 3,64 | 3,8 | 3,8 |
| Lærling | 0 | 0 | 0,5 | 0,5 |
| | 74,12 | 76,03 | 84,19 | 84,75 |

**Økonomiske resultat**

| | Regnskap 2006 | Buds(end) 2006 | Avvik(%.) 0 |
|---|---|---|---|
| 3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafjord | 5 959 776 | 5 750 100 | 3,7 |
| 3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norddal | 4 595 281 | 4 710 000 | -2,4 |
| 3415 Elvetun | 4 216 514 | 3 820 600 | 10,4 |
| 3416 Tiltak funksjonshemma | 2 012 500 | 2 247 490 | 11,7 |
| 3450 Valldal sjukeheim | 18 012 400 | 17 734 400 | 1,6 |

Den reknskapsmessige underdekninga skuldast i stor grad bruk av ekstrahjelp, overtid og vikarbyrå. Vi har mange fagpersonar tilsett i store stillingar og når behovet for ein fagperson er tilstades, må ein ofte ty til bruk av overtid. Underbudsjettering i høve ferievikarar har også ført til underdekning i budsjettet. Dessutan har arten for kjøp av tenester frå lege og sjukehus blitt sterkt overskride.

**Administrative eller faglege resultat**

Verksemdleiar avslutta vidareutdanning i ledelse i helse og sosialsektoren, våren 200*6*

**Heimebasert**
Personellsituasjonen har vore relativ stabil. Ein sjukepleiar vart ferdig med vidareutdanning i kreftsjukepleie, og fekk frå oktober 2006 20 % av stillinga særskilt knytt opp mot faget.
Arbeidsmiljøet i avdelingane varierar, men blir jamleg jobba med. Ny samling med gjennomgang av merkevareplattforma, viser at vi framleis ikkje er der vi ynskjer i høve arbeidsmiljø. Vi har mange rom som er tronge og lite brukarvenlege i høve til hjelpemiddeltrengande bebuarar, og ein del sjukefråvær kan ein relatere til belastande arbeidssituasjonar. Sjukefråværet viser gjennom året ei auke på begge sider av fjorden. Tenesteomtalane blir distribuert til brukarar som får tildelt tenester. Innføring av fagsystemet Profil. Dei som bur inne på omsorgsbustadane har eit betre tenestetilbod enn dei som bur på bygda. Utfordringa ligg i å gi tenester etter vedtak også inne på bustadane. Ei av utfordringane har vore å få brukar som får ei teneste til å akseptere at denne kan bli endra. Det dreiar seg i stor grad her om tenester det ikkje er vedtak på, men som har blitt ein vane/uvane å gi i kvardagen. Spesielt er utfordringa stor ved heimetenestene i Valldal der ein har ei blanding av sjukeheimsplassar og omsorgsbustader. Ein har blitt meir bevisst på denne problemstillinga og arbeider med å endre på rutinane.
**Institusjon**
Personellsituasjonen ved sjukeheimen er stabil, og den største utfordringa har vore å dekke opp sjukepleiestillingane. Ein sjukepleiar vart ferdige med vidareutdanning i kreftsjukepleie. Ein assistent fekk fagbrev som hjelpepleiar. Sjukefråværet har variert gjennom året, men viser på årsbasis ein nedgang. Tilsette som har gått av med pensjon har vore ein god ressurs gjennom året.
Vaskeriet er så godt som ferdig ombygd, kun detaljar gjenstår. Resultatet synes å være bra.
Ny oppvaskmaskin og ny bekkenspylar er innkjøpt og montert. Fellesareal på sjukeheimen er blitt pussa opp. Det er brukt av midlane vi fekk i gåve (arv) til å kjøpe inn nye møblar til fellesromma i alle avdelingar på VTS.

**Særskilde utfordringar i tida som kjem**

Hovudutfordringa for heile pleie og omsorg vil framleis være å gi kvalitetsmessige gode tenester utifrå dei ressursar vi til ei kvar tid har tilgjengelege.
Innføringa av fagsystemet i pleie og omsorg vil være eit godt reiskap for å sikre rette tenester og få god oversikt over ressursbruken. Innføringa krev ein stor innsats blant personalet og har gitt oss større utfordringar enn vi var førebudd på. Systemet er komplisert i høve til kodeverk og har krevd mykje kursing av systemansvarlege for å sikre at rette opplysningar er knytt opp til rette områder. Svartenesta for legevaktsentralen vart flytta til AMK i mai 2006.
**Heimebasert omsorg**
Det er framleis omsorgsbustader med tronge dører/dørstokkar og lite funksjonelle bad. Mange av dei som bur i omsorgsbustad har behov for hjelpemiddel, men det er i mange tilfelle uråd å nytte disse. Dei gamle omsorgsbustadane i Valldal bør rehabiliterast for å være meir funksjonelle. Bygget ved omsorgbustaden i Norddal (gml post og bankbygget) står i dag for det meste tomt. Her er det søkt om bruksendring av dei gml postlokale, og her har ein fått beskjed om at før slikt løyve blir gitt, må det føreligge plan for vidare bruk av lokala. Ved omsorgsbustaden i Eidsdal er det innreidd eige medisinrom. Ein har framleis ikkje løyst problemet med å skilje vaktrom og pauserom.
Busituasjonen for personar med utviklingshemming må arbeidast vidare med. Ressursutnytting og samlokalisering i større grad enn i dag, blir eit nøkkelpunkt. Administrativ underkapasitet har ført til at dette ikkje har blitt arbeidd nok med.
**Institusjon**
Behov for sjukeheimsplassar er stort og ein vurderar framleis om den rette løysinga kan være å gjere 1.etg på gml trygdeheimen om til sjukerom. Periodevis er presset på tilbod for ferdigbehandla pasientar i sjukehuset svært stort og belastande. For ein periode på 14 dagar leigde vi sjukeheimsplass i Stordal kommune. Ved nyttårsskifte var 6 av 7 korttidsplassar opptatt av pasientar som har vedtak om langtidsopphald. Å skaffe personell med rett kompetanse vil også i åra framover gi oss utfordringar. Vi må utarbeide gode vilkår for å gi ufaglærte utdanning, samt gode måtar å skaffe nok sjukepleiarar og na personale med høgskuleutdanning på. Antal hjelpepleiarar er stabilt. Å ha nok tilkallingsvikarar er i periodar problematisk.
Kompetanseheving blant personalet generelt vil være ei god investering i åra framover, både for å behalde og rekruttere. Viktig å få utarbeidd kompetanseplan.

**Teneste: Tekniske tenester**
**Eining/ansvarsområde: PBO og FDV**

---

**Mål for ansvarsområdet/ kort skildringa av tenesta**

PBO: Avdelinga har som hovudansvar områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (delingssaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid md grunnerverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringssida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Teknisk drift - FDV er ei verksemd som har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt bygningsmassen til kommunen og eigen maskinpark.

---

**Nøkkeltal**

Budsjett 2006: 6 920 800 kr Rekneskap 2006: 7 345 207 kr

| Årsverk | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|
| PBO | 2 | 2 | 2 | 3 |
| FDV | 10,6 | 10,1 | 10 | 9,6 |

---

**Økonomiske resultat**

| | Rekneskap | Buds(end) | Avvik(per.) |
|---|---|---|---|
| 4100 Fagansvarleg FDV | 161162 | 690600 | 23,3 |
| 4201 Kommunale vegar | 1906325 | 2249700 | 84,7 |
| 4202 Veg og gatelys | 515331 | 331600 | 155,4 |
| 4301 Kommunale bustader for utleige | 393795 | -72600 | -542,4 |
| 4302 Nærings- og utleigebygg | 345717 | 276800 | 124,9 |
| 4303 Andre bygg og eigedomar | 69898 | 97000 | 72,1 |
| 4401 Renovasjon | 0 | 0 | 0 |
| 4402 Avløp og rens | 0 | 0 | 0 |
| 4403 Vassverkdrift | 0 | -8000 | 0 |
| 4501 Felles maskinpark | 351974 | 382000 | 92,1 |
| 4601 Offentleg område | 547885 | 242400 | 226 |
| 4701 Tafjord Friluftsbad | 57987 | 20800 | 278,8 |
| | | | |
| 5100 Fagansvarleg PBO | 1343631 | 1119900 | 120 |
| 5200 Brannvern | 1691551 | 1575600 | 107,4 |
| 5201 Oljevern | 11328 | 12000 | 94,4 |
| 5300 Feiing | -51377 | 3000 | -1712 |
| Nedsummert | 7345207 | 6920800 | 106,1 |

Samla underskot for 2006 vart kr. 424 407 og fordeler seg på verksemda FDV med kr. 139 774 og på PBO med kr. 284 633. Tyngda av overtrekket skuldast for ansvara under FDV noko meirforbruk på kommunale utleigebustadar (legebustad) og gatelys, medan meirforbruket under ansvara til PBO skuldast manglande inntening under administrasjonsansvaret.

**Administrative eller faglege resultat**

PBO:

- Detaljert statusoversyn over større enkeltoppgåver/investeringsprosjekt ligg føre.
- Talet på saker er nokså jamt, men med auke på plansaker. Meir hyttebygging og innløysing av hyttetomter bidrar til det totale nivået. Ein er à jour med fullføring av oppmålingssaker der ein har leigd inn hjelp til kartforretningar og oppmålingar i marka. Ein begynner å kome ajour med utsleppssaker.
- Mykje arbeid med avtalar og reguleringstilhøve Muriparken og Nasjonal turistveg.

- *Ein hatt som mål å få PBO fri for anleggs- og investeringsoppgåver for å konsentrere meir om planoppgåver. Det begynner å lukkast med det, men det er framleis meir som må gjerast av slik prioritering.*

FDV:

- <u>Utført arbeidd</u>

Detaljert statusoversyn over dei einskilte oppgåver /investeringsprosjekt ligg føre i
Nemner nokre av opgåvene ein har i løpet av året arbeidd med:

Prosjekt Muriparken del I – veg, vatn og avløp tok til på forsommaren der vassforsyninga kom på plass fram til Djupøyna.
Oppstart Muriparken del II – drifts-, brann- og miljøstasjon.
Prosjekt Åsevegen har hatt tilfredsstillande framdrift gjennom året der ein har fått vedtak på utviding vedk. vass- og avløpsdelen.
Prosjekt totalrenovering firemannsbustad "Roa"på Sylte vart strata opp i september.
Renovering av to utleigeeiningar.
Prosjekt nye Vass- og avløpsforskrifter og gebyr vart handsama og lagt ut til offentleg ettersyn i desember.
Oppstrat på hausten vedk. hovudplan vassforsyning.
Arbeid med kommuneplanen i gruppa "Infrastruktur" og med samlingar i regi av KS -avslutta i juni.
Etablering av eit Kommunalt Føretak der Fase I vart vedteken i november. Fase II 01.07.07.
Prosjekt samfunnshuset førehandsgodkjenning vedk. tippemidlar gjennomført (spesifisering av kva som skal gjerast og kostnadar av det).

- Arbeidsmiljø, sjukefråvær; situasjon og ev. tiltak

Ein har positive resultat med å la tilsette få høve til å spisse seg fagleg innan eit avgrensa fagfelt. I medarbeidarsamtaler for 2006 kom det også fram at ved fullført kompetansegivande kurs er auke i løn ein viktig motivasjonsfaktor for å gjennomføre kurs.

- Personellsituasjonen(rekruttering, kompetanse)

Tilsetting i stillinga avd.ing. i slutten av april. Ein fagarbeidar vart etter bilulukka med boss-bilen langtidssjukemeldt i juni og ein fagarbeidar slutta i juli og ny tilsett 1. oktober. Ein arbeider framleis med å få sett sjaman gruppa med naudsynt kompetanse. For 2006 vart det sett av tid til dagsturs og seminar om renovasjon, enøk i regi av TK, Kurs internkontroll vedk el-anlegg, byggforvaltning, konferanse innan VAR

- Nye tiltak iverksett, under vurdering, anna utviklingsarbeid, døme: teneste, kvalitet, informasjon/brukardialog, tilsette mv).

Renovasjonstenesta gav i løpet av året delar av kommunen eit nytt og godt motteke tilbod ved å ta i bruk samledunkar. Tilbodet vil i løpet av 2007 utvidast for heile kommunen med forbetringar. Elles har ein arbeidd ein del med logistikken og fått på plass container for restavfall på sørsida (Eidsdal).

---

**Særskilde utford-ringar i tida som kjem**

PBO:

- Planarbeid er ein prioritert oppgåve
- Ein vil konsentrere seg om å utvikle forvaltingsoppgåvene.
- Ei viktig utfordring framover er dei krava som no blir sett til spisskompetanse i kommunesektoren. Det krev samarbeid over kommunegrensene med utveksling av tenester.

FDV:

- Den største utfordringa FDV står overfor i tida framover er å få tak i kvalifisert personell som skal dekke eit breitt fagleg spekter med mange ulike oppgåver og til dels store oppgåver. For å greie å få utført alle oppgåver må ein også basere seg på å kjøpe meir av både kapasitet og kompetanse.. Gjennom etablering av eit Kommunalt Føretak for byggmassa til kommunen, står ein overfør både utfordringar og moglegheiter organisasjonsmessig. Skal ein greie å oppnå ei "normal drift" må man halde fram i nokre år til med å sette av årlege større summer på investeringsbudsjettet til både renovering av bygg og vegar samt VA-nettet.
- Kompetanseheving og naudsynt sertifisering av personell vert å sette opp for 2007.

**Teneste: Næring**
**Eining/ansvarsområde: Næring**

---

**Kort skildringa av tenesta**

**Næringsavdelinga er som førsteline, forvaltar av den statlege og kommunale næringspolitikken. Ein skal leggje til rette for næringsutvikling i vid tyding, og vere eit kompetanse og rådgivingsorgan for alle næringar.**
**Skog, jord og viltforvalting, og ulike oppgåver innan utmark og arealforvaltning, miljø og kulturlandskap ligg òg til avdelinga.**

---

**Nøkkeltal**

**Budsjett 2005: 2.078.300 kr** **Rekneskap 2005: 2.053.814 kr**
**Budsjett 2006: 2.294.600 kr** **Rekneskap 2006: 2.149.370 kr**

| Årsverk | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Næringssjef og Næringskonsulent | 2,00 | 2,00 | 1,50 | 1,50 | 1,50 |
| Skogbrukssjef | 0,25 | 0,25 | 0,25 | 0,25 | 0,25 |
| Sakshandsamar vilt | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 |
| Landbruksvikar | 1,00 | 1,00 | 0,50 | 0,50 | 0,50 |
| Kommuneveterinær | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| SUM | 4,35 | 4,35 | 3,35 | 3,35 | 3,35 |

---

**Økonomiske resultat**

| 2006 Ansvar | Rekneskap | Budsjett | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 6100 Næringsutvikl. | 1462128 | 1513600 | 51472 | -3 |
| 6101 Landbruksvikar | 161789 | 235200 | 73411 | - 31 |
| 6102 Veterinærtenest | 267249 | 267700 | 451 | - 0,2 |
| 6110 Næringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 6111 Næringslivstiltak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 6201 Jakt og viltstell | 14410 | 43100 | 28290 | -66 |
| 6210 Forvaltningsplan | 0 | 110000 | 0 | 0 |
| 6240 Verdsarv | 243794 | 235000 | -8794 | 3,6 |

**Administrative eller faglege resultat**

Under UNESCO sin 29. verdensarvkomitémøte i Durban i Sør-Afrika vart det den 14.07.2005 vedtatt å innskrive Geiranger- og Nærøyfjorden med omgjevnader på World Heritage List, oversikten over verda sine mest viktige kultur- og naturarv. Det er dei framståande geologiske verdiane og det unike vakre landskapet som har ført til at Norge har fått sitt første naturarvområde på den prestisjefylte lista. I 2006 har dette vore ein viktig basis for mykje av det arbeidet som blir utført ved avdelinga.

Aktiviteten innan skogskultur og tømmerhogst har vore liten. Det har vore noko aktivitet med landbruksvegar, både med bygging av tidlegare godkjente anlegg, og planlegging av nye veganlegg. Arbeide med skogbruksplan er forseinka grunna manglende oppdatering av kartgrunnlag.

Kommune og busettingsprosjektet vart starta opp i oktober 2005, då Torill Callsen tok til i stillinga som prosjektleiar. Med bakgrunn i forprosjektet "ungdom" venter ein at fleire gode tiltak vert sett i gong for å mobilisere til auka entrepenørskap. Kommuneprosjektet og ungdomsprosjektet vart sluttført i 2006. Kommuneprosjektet og ungdomsprosjektet har gitt kommunen nyttige erfaringar, og ein arbeider no vidare med å utvikle kommunen sin førstelinjeteneste på fleire plan både kommunalt og interkommunalt. Ein har også intensivert arbeidet retta mot ungdom og entreprenørskap der ungdomsrådet er ein sental aktør.

Det vart vidare løyvd kr 100.000,- frå sentralt hald til eit busettingsprosjekt der ein ser på polske arbeidarar som er i kommunen om sommaren som ein viktig ressurs både når det gjeld kompetanse og framtidige innbyggarar.

Næringssjefen slutta i si stilling 1. september, og ny næringssjef vart tilsett 1. oktober. Næringskonsulenten slutta hausten 2006 etter ei tid med sjukmelding. Det har vidare vore vakanse i 50 % stilling som næringskonsulent resten av året. Dette har ført til store utfordringar for den nye næringssjefen. I løpet av ettersommaren vart også næringsavdelinga flytta over til Fjordhagen. Dette har vore ei svært positiv erfaring da etablering i eit større fagmiljø er viktig for eit aktivt næringsarbeid. Det er positivt at ein her kan få etablert eit aktivt teambasert næringsmiljø. Utvikling av dette miljøet bør halde fram slik at kommunen kan bli eit senter for næringsarbeid i indre fjordstrøk.

---

**Særskilde utford-ringar i tida som kjem**

Det er mange utfordringar som kommunen vil møte dei næraste åra når det gjeld næringsutvikling.
For det første skjer all utvikling no mykje raskare enn tidlegare, og dette vil kreve interkommunale løysingar i gode fagmiljø basert på teamarbeid og fleksible løysingar.

Andre utfordringar er å ta vare på eksisterande næringsliv på ein god måte. Ein snakker så ofte om å satse på nye næringar, men dei som alt er etablerte i kommunen, har også krav på god tilrettelegging frå kommunen si side. Når dette er på plass, kan ein lettare si velkomen til dei nye.

Ei anna utfordring er å finne ein plass å bu for dei som kjem til kommunen. Kartlegging av ledige hus og gardsbruk både sentralt i kommunen og lenger ute på bygda må bli eit viktig satsingsområde. Samstundes som ein må legge til rette for bygging av nye hus. Kommunen er så rik på mange andre tilbod så her er det ei stor utfordring. Gjennom og fremme bulyst i staden for kommunale pålegg, krav og lite fleksibilitet, kan kommunen framstå som ein god og framtidsretta bukommune.

Det er viktig å satse på ungdomen som bur i bygda. Næringsavdelinga vil spesielt satse på ungdom som vil etablere eiga næring og elevbedrifter. Årsaken til dette er at ungdom som er aktive i ei elevbedrift, ofte vil kome heim å starte eiga bedrift etter endt skulegang. Dette er eit svært viktig satsingsområde. Kanskje Norddal kommune og private bedrifter har tenester som skal utførast og som kan løysast i ei elevbedrift. Her gjeld det å vere kreativ.

Til slutt er det viktig at kommunen bruker verdsarvstatusen når det gjeld ei positiv utvikling av alle næringar, men dette berører spesielt landbruksnæringa. I denne næringa har det i mange år vore stor pesimisme, og mange har slutta med husdyrhald. Dette kan ikkje halde fram vidare dersom kulturlandskapet skal takast vare på. Det er berre gardbrukaren og husdyra som klarer dette arbeidet. Det er viktig at heile kommunen no er pådrivar på ulike plan til å få fram gode ordningar slik at optimisme og pågangsmot kjem att. Dersom dette lukkast, kan ein sjå lyst på bygdene si framtid.

Utvikling rekneskap 2004-06, tenester og einingar

| | Rekneskap 2004 | Rekneskap 2005 | Rekneskap 2006 | Endring 2004 til 05 | Endring 2005 til 06 | Endring 2004 til 06 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 1100 Kommunestyre og formannsk. | 1 536 291 | 1 588 990 | 1 474 188 | 3,43 | -7,22 | -4,04 |
| Sum ansvar: 1102 Støtte politiske parti | | | 48 030 | | | |
| Sum ansvar: 1103 Stortings- og kommuneval | | 53 296 | | | -100,00 | |
| Sum ansvar: 1104 Bygdeutval | 16 791 | 6 072 | 666 | -63,84 | -89,03 | -96,03 |
| Sum ansvar: 1105 Distriktsrevisjonen | 326 320 | 312 172 | 285 800 | -4,34 | -8,45 | -12,42 |
| Sum ansvar: 1107 Sunnm. kontrollutval | | 44 230 | 40 000 | | -9,56 | |
| Sum ansvar: 1120 Forliksrådet | -2 201 | -4 838 | 3 626 | 119,81 | -174,95 | -264,74 |
| Sum ansvar: 1121 Overformynderiet | 9 648 | 8 588 | 12 522 | -10,99 | 45,81 | 29,79 |
| Sum ansvar: 1122 Beredskap | 1 115 | 4 609 | 4 100 | 313,36 | -11,04 | 267,71 |
| Sum ansvar: 1123 Eldrerådet | 4 996 | 7 281 | 150 | 45,74 | -97,94 | -97,00 |
| Sum ansvar: 1124 Ungdomsråd | 9 995 | 4 029 | 4 888 | -59,69 | 21,32 | -51,10 |
| Sum ansvar: 1200 Rådmannskontoret | 1 585 163 | 1 782 547 | 1 882 799 | 12,45 | 5,62 | 18,78 |
| Sum ansvar: 1201 Kommunekassa | 1 087 615 | 1 066 097 | 1 114 534 | -1,98 | 4,54 | 2,48 |
| Sum ansvar: 1202 Servicetorget | 1 155 841 | 1 453 984 | 1 331 566 | 25,79 | -8,42 | 15,20 |
| Sum ansvar: 1203 Stabsfunksjon | 205 690 | 199 232 | 98 360 | -3,14 | -50,63 | -52,18 |
| Sum ansvar: 1204 Datadrift | 1 524 163 | 1 116 579 | 993 330 | -26,74 | -11,04 | -34,83 |
| Sum ansvar: 1800 Enøksparing | 96 055 | | 5 708 | -100,00 | | -94,06 |
| Sum ansvar: 1900 Fellesutgifter | 1 125 219 | 1 411 701 | 230 707 | 25,46 | -83,66 | -79,50 |
| Sum ansvar: 1901 Forsikringar | 63 560 | -257 639 | 89 070 | -505,35 | -134,57 | 40,14 |
| Sum ansvar: 1902 Administrasjonsbygg | 929 292 | 698 498 | 635 982 | -24,84 | -8,95 | -31,56 |
| | 9 675 553 | 9 495 428 | 8 256 026 | -1,86 | -13,05 | -14,67 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 2000 Fellesutgifter skule | 1 549 206 | 1 095 975 | 931 568 | -29,26 | -15,00 | -39,87 |
| Sum ansvar: 2101 Valldal skule | 11 318 424 | 11 337 169 | 12 124 190 | 0,17 | 6,94 | 7,12 |
| Sum ansvar: 2102 Valldal skule SFO | 149 582 | 182 757 | 430 810 | 22,18 | 135,73 | 188,01 |
| Sum ansvar: 2103 Valldal skule, vaksenopplæring | -83 336 | 186 237 | 264 624 | -323,48 | 42,09 | -417,54 |
| Sum ansvar: 2111 Eidsdal skule | 5 604 215 | 5 710 896 | 5 975 563 | 1,90 | 4,63 | 6,63 |
| Sum ansvar: 2121 Dalsbygda skule | 2 025 643 | 2 038 514 | 2 159 398 | 0,64 | 5,93 | 6,60 |
| Sum ansvar: 2122 Dalsbygda skule SFO | 36 363 | 62 510 | 37 206 | 71,91 | -40,48 | 2,32 |
| Sum ansvar: 2123 Dalsbygda skule, barnehage | 388 489 | 383 481 | 310 803 | -1,29 | -18,95 | -20,00 |
| Sum ansvar: 2131 Tafjord skule | 1 847 565 | 1 389 438 | 1 380 185 | -24,80 | -0,67 | -25,30 |
| Sum ansvar: 2132 Tafjord skule SFO | -1 015 | -7 256 | 13 417 | 614,88 | -284,91 | -1421,87 |
| Sum ansvar: 2133 Tafjord skule, barnehage | 421 877 | 413 456 | 352 606 | -2,00 | -14,72 | -16,42 |
| Sum ansvar: 2141 Fjørå skule | 991 047 | | | -100,00 | | -100,00 |
| Sum ansvar: 2142 Fjørå skule SFO | 16 186 | | | -100,00 | | -100,00 |
| Sum ansvar: 2201 Syltebøen barnehage, inkl Fjørå | 1 304 464 | 982 804 | 899 373 | -24,66 | -8,49 | -31,05 |
| Sum ansvar: 2211 Eidsdal barnehage | 371 592 | 446 512 | 194 112 | 20,16 | -56,53 | -47,76 |
| Sum ansvar: 2301 Norddal Musikk- og kulturskule | 881 423 | 888 871 | 1 020 183 | 0,84 | 14,77 | 15,74 |
| Sum ansvar: 2400 Fagansvarleg -kultur | 178 902 | 229 278 | 369 310 | 28,16 | 61,08 | 106,43 |
| Sum ansvar: 2401 Kulturminnevern | 11 089 | 10 280 | 26 100 | -7,30 | 153,89 | 135,37 |
| Sum ansvar: 2402 Kulturpris | | 51 492 | 60 000 | | 16,52 | |
| Sum ansvar: 2403 Anlegg og friluftsliv, tilskot | 511 761 | 527 108 | 503 816 | 3,00 | -4,42 | -1,55 |
| Sum ansvar: 2404 Ungdomsarbeid | 45 600 | 64 166 | 223 295 | 40,71 | 248,00 | 389,68 |
| Sum ansvar: 2405 Ungdomsklubb | 13 430 | 20 377 | 11 260 | 51,73 | -44,74 | -16,16 |
| Sum ansvar: 2406 Friluftslivets år | | -1 150 | | | -100,00 | |
| Sum ansvar: 2407 Valldal Samfunshus | | | 8 866 | | | |
| Sum ansvar: 2408 Prosjekt God helse | | | -31 514 | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 2501 Bibliotek | 877 772 | 909 593 | 929 061 | 3,63 | 2,14 | 5,84 |
| Sum ansvar: 2800 Norddal kyrkjelege Fellesråd | 1 048 000 | 1 098 000 | 1 300 000 | 4,77 | 18,40 | 24,05 |
| Sum ansvar: 2801 Andre religiøse formål | 16 416 | 17 057 | 25 431 | 3,90 | 49,09 | 54,92 |
| | 29 524 695 | 28 037 565 | 29 519 663 | -5,04 | 5,29 | -0,02 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 3000 Fellesutgifter helse/sosial | 128 965 | 218 471 | 107 612 | 69,40 | -50,74 | -16,56 |
| Sum ansvar: 3101 Helsestasjon | 570 595 | 605 682 | 706 929 | 6,15 | 16,72 | 23,89 |
| Sum ansvar: 3102 Kurativ helsevern | 3 996 369 | 3 637 444 | 3 653 716 | -8,98 | 0,45 | -8,57 |
| Sum ansvar: 3103 Jordmorteneste | 213 310 | 210 748 | 217 751 | -1,20 | 3,32 | 2,08 |
| Sum ansvar: 3104 Fysioterapiteneste | 554 336 | 507 863 | 490 852 | -8,38 | -3,35 | -11,45 |
| Sum ansvar: 3105 Psykiatri | -329 042 | -570 132 | -745 486 | 73,27 | 30,76 | 126,56 |
| Sum ansvar: 3107 Folketannrøkta | -42 385 | -34 719 | -37 009 | -18,09 | 6,60 | -12,68 |
| Sum ansvar: 3108 L-V sentralen | 18 139 | 32 224 | 19 116 | 77,65 | -40,68 | 5,39 |
| Sum ansvar: 3201 Sosialkontor | 742 682 | 934 080 | 645 477 | 25,77 | -30,90 | -13,09 |
| Sum ansvar: 3202 Økonomisk sosialhjelp | 445 186 | 789 926 | 416 571 | 77,44 | -47,26 | -6,43 |
| Sum ansvar: 3203 Edruskapsvern | -30 509 | -109 160 | 60 093 | 257,80 | -155,05 | -296,97 |
| Sum ansvar: 3204 Barnevern | 637 776 | 911 782 | 845 949 | 42,96 | -7,22 | 32,64 |
| Sum ansvar: 3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafjord | 5 881 359 | 4 766 001 | 5 959 776 | -18,96 | 25,05 | 1,33 |
| Sum ansvar: 3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norddal | 4 308 896 | 4 446 735 | 4 595 281 | 3,20 | 3,34 | 6,65 |
| Sum ansvar: 3403 Nærmiljøsenter i Valldal | | | 258 193 | | | |
| Sum ansvar: 3415 Elvetun | 1 615 037 | 2 680 280 | 4 216 514 | 65,96 | 57,32 | 161,08 |
| Sum ansvar: 3416 Tiltak funksjonshemma | 1 493 893 | 2 148 309 | 2 247 490 | 43,81 | 4,62 | 50,45 |
| Sum ansvar: 3450 Valldal sjukeheim | 17 248 312 | 17 309 312 | 18 012 400 | 0,35 | 4,06 | 4,43 |
| | 37 452 919 | 38 484 846 | 41 671 225 | 2,76 | 8,28 | 11,26 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 4100 Fagansvarleg FDV | 278 353 | 204 673 | 161 162 | -26,47 | -21,26 | -42,10 |
| Sum ansvar: 4201 Kommunale vegar | 3 121 586 | 2 807 983 | 1 906 325 | -10,05 | -32,11 | -38,93 |
| Sum ansvar: 4202 Veg og gatelys | 301 365 | 276 171 | 515 331 | -8,36 | 86,60 | 71,00 |
| Sum ansvar: 4301 Kommunale bustader for utleige | -25 607 | -19 910 | 393 795 | -22,25 | -2077,88 | -1637,84 |
| Sum ansvar: 4302 Nærings- og utleigebygg | 623 390 | 404 936 | 345 717 | -35,04 | -14,62 | -44,54 |
| Sum ansvar: 4303 Andre bygg og eigedomar | 19 478 | 82 244 | 69 898 | 322,24 | -15,01 | 258,86 |
| Sum ansvar: 4501 Felles maskinpark | 495 075 | 359 602 | 351 974 | -27,36 | -2,12 | -28,90 |
| Sum ansvar: 4601 Offentleg område | 341 635 | 295 014 | 547 885 | -13,65 | 85,71 | 60,37 |
| Sum ansvar: 4701 Tafjord Friluftsbad | 160 667 | 55 283 | 57 987 | -65,59 | 4,89 | -63,91 |
| | 5 315 942 | 4 465 996 | 4 350 074 | -15,99 | -2,60 | -18,17 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 5100 Fagansvarleg PBO | 1 055 558 | 916 247 | 1 343 631 | -13,20 | 46,65 | 27,29 |
| Sum ansvar: 5200 Brannvern | 1 626 316 | 1 662 601 | 1 691 551 | 2,23 | 1,74 | 4,01 |
| Sum ansvar: 5201 Oljevern | 10 595 | 3 000 | 11 328 | -71,68 | 277,60 | 6,92 |
| Sum ansvar: 5300 Feiing | -19 194 | -51 955 | -51 377 | 170,68 | -1,11 | 167,67 |
| | 2 673 275 | 2 529 893 | 2 995 133 | -5,36 | 18,39 | 12,04 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum ansvar: 6100 Næringsutvikling | 640 959 | 1 445 430 | 1 462 128 | 125,51 | 1,16 | 128,12 |
| Sum ansvar: 6101 Landbruksvikar | 151 593 | 118 154 | 161 789 | -22,06 | 36,93 | 6,73 |
| Sum ansvar: 6102 Veterinærteneste | 254 371 | 257 052 | 267 249 | 1,05 | 3,97 | 5,06 |
| Sum ansvar: 6103 Skogkultur | -6 027 | -2 309 | -250 | -61,69 | -89,17 | -95,85 |
| Sum ansvar: 6104 Nærings- og busetnadprosjekt | | | 124 185 | | | |
| Sum ansvar: 6201 Jakt og viltstell | 37 529 | 39 765 | 14 410 | 5,96 | -63,76 | -61,60 |
| | 1 078 425 | 1 858 092 | 2 029 511 | 72,30 | 9,23 | 88,19 |